





KI-notat nr: 5/09 - Bakgrunn for vedtak

Ljones Fisk AS / fortsatt løyve til regulering og vassuttak frå			
Søklar/sak:	Eidesvatnet		
Fylke/kommune: Hordaland / Kvam herad			
Ansvarleg:	Øystein Grundt	Sign.:	
Sakshandsamar:	^{FOR} Inge Lavoll	Sign.:	
Dato:	25 MAR 2009		
Vår ref.:	NVE 200701724- 29		
Sendast til:	Søkjaren og alle som har gjeve fråsegn i saka		

Middelthuns gate 29

Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Ljones Fisk AS - Søknad om løyve til fortsatt regulering av Eidesvatnet og uttak av vatn til produksjon av settefisk og etablering av fiskesperre i Ljoneselva - Kvam herad i Hordaland

Innhald

Innhald.....	1
Samandrag	1
Søknaden	2
Tillegginformasjon – samandrag.....	5
Handsaming av søknaden.....	8
Innkomne merknader.....	8
Søklar sine kommentarar til innkomne merknadar.....	19
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader.....	22
NVE sin konklusjon	29
Kommentarar til vilkåra	29

Samandrag

Ljones Fisk AS har søkt om fornya konsesjon for regulering og uttak av vatn frå Eidesvatnet til produksjon av settefisk. Det er også søkt om løyve til å stenge Ljoneselva for oppgang av anadrom fisk til Eidesvatnet.

21. mai 1992 fekk Ljones Fisk AS løyve til å regulere og ta ut vatn frå Eidesvatnet til settefiskanlegget der reguleringshøgda blei set til 60 cm frå kote 32,25 til kote 32,85. 10. april 1996 fekk Ljones Fisk AS løyve til å auke reguleringa i Eidesvatnet med 15 cm. Gjeldande regulering blei da LRV på 32,25 og HRV på 33 moh. Løyvet gjaldt fram til 1. januar 2007, men er forlenga ved brev frå NVE av 20.12.2006 til å gjelde fram til denne søknaden er ferdig handsama. Ljones Fisk AS har ikkje hatt offentleg løyve til etablering av fiskesperre i Ljoneselva.

Fylkesmannen og kommunen støttar søknaden på visse vilkår. Kommunen seier at Eidesvatnet skal vere fylt opp til kote 33,00 innan 1. april kvart år og tilrår konsesjonstid på 10 år. Fylkesmannen meiner at konsesjonsvilkåra i konsesjonen i høve til reguleringshøgda lyt haldast. Fylkesmannen ynskjer ei auke i minstevassføringa, ei utbetring av elva ved dagens fiskesperre og fjerning av sperra slik at sjøaure kan vandre vidare oppstrøms. Fylkesmannen meiner at Ljones Fisk bør tilpasse vassforbruket slik at det alltid er vatn i elva.

Grunneigarane er ikkje nøgde med korleis vilkåra i konsesjonen har vorte etterlevd. Merknadane går på at vasstanden varierer frå under LRV til over HRV med etterfylgjande erosjonsskadar langs Eidesvatnet. Kravet om minstevassføring og lokkeflaumar er ikkje oppfylt, og fiskesperra har aldri vore godkjend. Det er også bekymring for fisken i elva og det blir påpeika at det tidlegare blei fiska laks, sjøaure og ål i elva og Eidesvatnet. Eit anna moment som blir nemnd i høyringsuttalen til Lars Øyvind Birkenes og Hilde Hushagen er at det tidlegare har vore ein bestand av elvemusling i elva. Ein rapport utført på oppdrag frå fylkesmannen seier at det ikkje finst elvemusling i Ljoneselva.

NVE skal vurderer om omsøkt regulering på 0,75 m er toleleg med omsyn til avveging av skadar/ulempar for allmenne og private interesser i høve til fordelene som søkjar får ved å ha denne vassmengda til disposisjon. Vilkåra i konsesjonen er ved fleire anledningar påstått brote, særleg i høve til vasstandar utover reguleringsgrensene. NVE ønskjer å skjerpe både overvaking av vassnivå og minstevassføring ved ein ev. konsesjon. Av omsyn til fisk meiner NVE at det lyt stillast krav om forbetring av tilhøva i Ljoneselva. NVE meiner at det skal spesielle forhold til for å få løyve til å etablere fiskesperre, og vi kan ikkje sjå at det er naudsynt då det med den teknologien som finst i dag er mogleg å sikre reint vatn inn i settefiskanlegget. NVE legg samstundes vekt på at ei regulering som omsøkt på 75 cm synast å vere toleleg så lenge reguleringa held seg innafor grensene, og at tiltak vert gjort for å dempe flaumhøgda.

Etter ei samla vurdering av søknaden og fråsegnene som ligg føre, meiner NVE at fordelane og nytten ved det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gir i medhald av vassressurslova § 8 Ljones Fisk AS løyve til å regulere Eidesvatnet for uttak av vatn til produksjon av settefisk. Løyvet vert gjeve på nærmare fastsette vilkår. NVE meiner det er en føresetnad for konsesjonen at produksjonen av smolt vert tilpassa vasskapasiteten i vassdraget med utgangspunkt i tørrår.

Det vert ikkje gjeve løyve til å sperre Ljoneselva for oppgang av fisk.

Søknaden

NVE har motteke fylgjande søknad frå Ljones Fisk AS av 28.06.2006:

"Søknad om fornying av konsesjon til regulering av Eidesvatnet.

Om Ljones Fisk AS.

Vi er eitt frittståande settefiskanlegg med konsesjon på 1,5 mill sjøklar smolt og 2,5 mill yngel og er medlem i nettverksorganisasjonen Havdyrkerne BA. I mai 2006 har vi saman med to matfiskanlegg kjøpt eit settefiskanlegg av KS Tørvik Fisk (tidlegare drive under namnet Kvammasmolt). Vi skal no driva desse to anlegga ilag med same leiing under namnet Hardingsmolt AS. Klekking og yngelproduksjon til begge anlegga skal føregå på Ljones Fisk. Anlegga vil tilsaman ha 8 tilsette i full stilling.

Føresetnader for denne søknaden.

- *Grunneigarane på Ljones har ved dom i Gulating Lagmannsrett datert 2. nov 1995 fått rett til å regulera Eidesvatnet med ei damluke med maksimal høgd på kote 33.00. Ljones Fisk AS har leigeavtale på denne retten.*
- *Konsesjonen som no vert søkt fornya vart gjeven 21. mai 1992. Grunnleggjande data og kart er uendra frå førre konsesjonshandaminga og desse føreset eg at NVE framleis har.*

Oppdrettskonsesjon

Ljones Fisk AS fekk utvida settefiskkonsesjonen frå 1. juli 2004. Den er no på 2,5 mill yngel og 1,5 mill sjøklar smolt. Som grunnlag for denne søknaden engasjerte vi i 2003 firmaet Rådgivende Biologer AS til å laga eit dokumentasjonsvedlegg. Ut frå dei utrekningar som då vart laga vart konsesjonsstorleiken tilpassa dei vassressursar som var tilgjengeleg. Det dokumentasjonsvedlegget som då vart utarbeidd er vedlagt denne søknaden.

Historisk regulering av Eidesvatnet.

Med tilnærma normale nedbørsmengder har det dei siste åra vist seg at vi ikkje har hatt problem med å halda fastsett LRV på 32.25. Vi har no utstyr til oksygenering og lufting av vatnet som gjer det lettare å meistra tørre periodar. Etter at vi fekk bygd reguleringsdammen i september 1996 har vi berre hatt 3 avvik frå godkjent LRV. Det var i august 1997, januar 2001 og hausten 2002. Ved alle desse tre tidspunkta var det langvarige tørkeperiodar og nedtappinga var mindre enn 50 cm under LRV. Dei siste 3 1/2 åra har vi ikkje hatt problem med å halda LRV. For desse åra har vi regelmessige registreringar av vassnivået i Eidesvatnet som er lagt inn på grafiske kurvar. Desse 4 kurvane er vedlagt.

Ljoneselva - fiskesperre og vassføring.

I 1989 vart det etablert ei rist i Ljoneselva for å hindra oppgang av anadrom fisk i Eidesvatnet. Bakgrunnen var sterke ILA-tilfelle i nærliggjande sjøanlegg og redsel for at sjuk fisk skulle gå opp i Eidesvatnet. Etter at det vart påpeika at denne rista ikkje var godkjent, søkte vi 22.07.04 om å få godkjent denne rista der ho no ligg. Etter ei synfaring den 20.10.04, saman med NVE og miljøavdelinga hos Fylkesmannen i Hordaland var det semje om å flytta denne sperra opp til dammen ved vatnet og å gjera tiltak for å betra vandringstilhøva i elva for oppgang av sjøaure. Dette vart formulert i ein ny søknad frå Ljones Fisk den 02.12.04. Saka vart deretter offentleg kunngjort i januar 05. Denne saka vart likevel i brev datert 21.09.05 frå NVE stoppa for å koordinera sakshandsaminga med denne søknaden.

Dammen som vart sett opp i 1996 er laga etter teikningar som er godkjent av NVE. Den har damhøgde på kote 33,00 og ei breidde på overløpet på 2,25 m. Terrenget rundt dammen er ikkje endra ved inngrep frå oss. Elveløpet nedanfor dammen har vi reinska og retta opp. Flaumavrenning frå Eidesvatnet er dermed betydeleg forbetra og har no begrensning ved ei naturleg avsnevring i elveløpet 60 m nedanfor dammen. Dette er illustrert ved vedlagt foto teke under flaum den 07.01.05.

Skader og ulemper ved reguleringa.

Gjeldande konsesjon frå NVE har LRV på kote 32,25. Damhøgde (HRV) på kote 33,0 er fastsett ved dom i Gulating Lagmannsrett. Eg kan ikkje sjå at det er grunnlag for påstandar om at noverande drift har negativ miljøpåverknad i Eidesvatnet avdi denne reguleringa berre er på 75 cm. Heller ikkje i Ljoneselva er det miljøpåverknad av betydning. Når vi no skal tilretteleggja elveløpet slik at fisk lettare kan gå opp frå sjøen, vil tilhøva for fisk tvert imot verta forbetra.

Dette søker vi om:

1. *Reguleringshøgde: HRV 33,00 og LRV 32.25*
2. *Minstevassføring: 1 m³/min heile året.*
3. *Lokkeflaumar 3 gonger i august - september når tilsigforholda tillet det, eller når naturlege tilhøve gjev flaum i andre vassdrag i området.*
4. *Etablering av fiskesperre ved dammen.*
5. *Ikkje tidsavgrensing på konsesjonen.*

Dokumentasjonsvedlegg - Samandrag

Ljones Fisk AS driver smoltanlegg ved Eidesvatnet mellom Tørvikbygd og Strandebarm i Kvam kommune. Anlegget har konsesjon på 400.000 sjødyktig settefisk, og søker nå om utvidelse til 1,5 millioner sjødyktig settefisk. Den omsøkte produksjonen omfatter tre grupper fisk:

1. *1 mill stk yngel, snittvekt 5 gram for levering i juni*
2. *0,5 mill stk høstsmolt, snittvekt 70 gram for levering i september*
3. *1,0 mill stk. ettårssmolt, snittvekt 90 og 110 gram for levering 50-50 % i april/mai.*

Anlegget henter sitt vann fra Eidesvatnet, der det har konsesjon fra NVE 10. april 1996 til å regulere innsjøen med 0,75 meter. Innsjøen (NVE nr 26908) ligger på kote 33 moh., den har et overflateareal på 0,66 km² og et nedbørfelt på omtrent 5 km². Men en gjennomsnittlig spesifikk avrenning på 53 l/km²/s (NVE 2002) gir dette en gjennomsnittlig tilrenning på 0,27 m³/s eller 15,9 m³/min. Tilrenningen på vinteren er rundt årsgjennomsnittet, mens det i perioden april til august er under 10 m³/min. På høsten er det vanligvis over 22 m³/min.

Planlagt vannbruk i det omsøkte anlegget vil være stort i to perioder på året. I månedene mars til mai vil det variere mellom 9 og 11 m³/min når vårsmolten dominerer i anlegget, mens det i månedene august til oktober vil være mellom 12 og 20 m³/min i perioden høstsmolten dominerer i anlegget. Særlig i årets 2. kvartal vil planlagt vannforbruk være større enn den normale vanntilgangen, mens vannbehovet på høsten i hovedsak er noe mindre enn tilrenningen. Magasinkapasiteten i Eidesvatnet er på omtrent 500.000 m³, hvilket er mer enn tilstrekkelig til å dekke vannbehovet i et normalår.

En vurdering av risiko for langvarig tørke i perioden med høyest vannforbruk, viser at nedbøren ved den nærliggende nedbørstasjonen 5013 Omastrand har vært under 50% av normalen i 2. kvartal i bare ett av de 39 årene i perioden 1963-2002. Bruker en nedbørsdata for dette tørreste observerte 2. kvartal, ville vannmagasinet i Eidesvatnet da vært tappet ned

ytterligere 15 cm under tillatt laveste vannstand. Ser en på tilsvarende tall for 3. kvartal, har nedbøren vært under 50 % av normalen i to av de 39 årene, og med et høyere forbruk av vann i denne perioden, vil en allerede ha benyttet hele magasinkapasiteten etter vel en og en halv måned.

Disse beregningene viser at magasinkapasiteten er i minste laget i de mest ekstreme årene. Det er derfor lagt opp til vannsparingstiltak som kan og skal benyttes for å unngå slike situasjoner. Samlet sett gir disse tiltakene en sikkerhet mot at tilgjengelige vannmengder skal bli kritiske for produksjonen:

- Forsering av uttak av den største fisken vil bety betydelige innsparinger i vannbehov
- Bruk av kaldere vann fra 20 meters dyp i Eidesvatn gir opp til 50 % lavere vannbehov.
- Bruk av karluftere på alle utekarene gir mulighet for tilsvarende vannbesparelse.
- Nødløsning med bruk av sjøvann på fisk over 50 gram er også en mulighet.

Anlegget har i dag urensset utslipp til Ljonesvågen på omtrent 12 meters dyp vel 180 meter fra land. Utslippsarrangementet gjør imidlertid at en del av utslippet renner direkte til overflaten innerst i Ljonesvågen. Det er nødvendig å oppskalere oppsamlingskummen slik at en oppnår tilstrekkelig trykk, eventuelt pumper avløpsvannet ut på egnet dyp i resipienten. Avhengig av valgt løsning vil avløpsledningen eventuelt bli oppskalert”.

Tillegginformasjon – samandrag

Etter oppmoding frå NVE kom søkjaren med litt tilleggsinformasjon i brev av 30.03.2007 om tilhøva rundt vatnet og spesielt om fiskesperra:

”Vurdering av regulering av Eidesvatnet og etablering av fiskesperre

Ljones Fisk AS henter sitt vann fra Eidesvatnet (NVE nr 26908), der det har konsesjon fra NVE fra 21.mai 1992, og forlenget 10. april 1996, til å regulere innsjøen med 0,75 meter. Løyvet var gyldig til 1. januar 2007, men er i brev av 20. desember 2006 forlenget inntil NVE kan ferdigbehandle denne søknaden. 28. desember 2006 bad NVE om bedre dokumentasjon av søknaden, med frist til 1. april 2007. Rådgivende Biologer AS er bedt om å bistå med utarbeidelsen av denne dokumentasjonen.

Det er i prinsippet to uavhengige forhold som knytter seg til denne søknaden om konsesjon til fortsatt regulering av Eidesvatnet.

Fiskesperre

Innsjøen ligger på kote 33 moh, og gjeldende konsesjon for regulering har krav til minstevannføring på 0,018 m³/s i perioden 1. mai - 31. august, og på 0,030 m³/s resten av året av hensyn til oppvandrende fisk. I tillegg skal det slippes minst tre lokkeflommer i august, hver med to dagers varighet og med en vannføring på minst 0,167 m³/s. Til dette er det tappeluke i dammen, en konstruksjon som er i tråd med gjeldende konsesjon..

I 1989 sperret Ljones Fisk AS utløpselven for oppvandring av fisk fra sjø på grunn av ILA smitterisiko fra Hardangerfjorden og opp til inntaksmagasinet. Omtrent ved kote 10 har elven en 1,5 meters foss som utgjør et vandringshinder for oppvandrende fisk fra sjøen ved normale

vannføringer. Her er i tillegg etablert en utoverliggende rist for å hindre fisk i å passere. Ved høyere vannføringer renner elven utover breddene, og da kan det være mulighet for å passere utenom hinderet i det normale elveløpet.

Den øvre delen av utløpselven fra Eidesvatnet renner nokså flatt de første 300 meterne fra demningen. Det videre løpet nedover mot utløpet til sjø er imidlertid vesentlig brattere, og øverst på denne strekningen, like nedenfor veikrysset, ligger restene etter en gammel kvern. På de neste 250 meterne faller elven 15 meter, og på den 150 meter lange strekningen langs med Ljones Fisk AS faller den de siste 15 meterne ned til sjøen. Ved den gamle kvernen var det tidligere et vandringshinder som sperret for videre oppvandring til Ljonesvatnet, men dette ble fjernet i 1958. Før dette var det ikke mulig for fisk å passere opp til Eidesvatnet.

I forbindelse med søknaden om etablering av fiskesperre ved utløpet av Eidesvatnet, er det i samråd med fylkesmannens miljøvernavdeling foreslått å fjerne den etablerte, ikke godkjente, fiskesperren nederst i vassdraget. Istedenfor vil det bli etablert en ny sperre like nedenfor utløpet av Eidesvatnet, slik at fisk ikke kan komme opp i vannkilden for settefiskanlegget.

Da vil hele utløpselvens strekningen på nesten 900 meter bli tilgjengelig for oppvandrende fisk.. Elven er imidlertid ikke særlig bred, i gjennomsnitt under to meter, slik at det samlede produksjonsarealet for fisk blir på maksimalt 1800 m². Et vassdrag med en gjennomsnittlig tilrenning på 0,27 m³/s vil kunne ha en produksjon av smolt på vel 30-35 "presmolt" aure eller laks pr 100 m² (Sægrov mfl 2001), noe som tilsier at elven kan ha en samlet produksjon av opp mot 600 smolt årlig. Dette er for lite for å opprettholde en selvreproduserende laksebestand, men vil sannsynligvis kunne være i nærheten av grensen for en liten sjøaurebestand.

På grunn av tidligere oppgangssperre fram til 1958, og ny sperre fra 1989, kan en ikke regne med at Ljonesvatnet egentlig har hatt noen egen bestand av sjøaure på lang tid, og den foreslåtte sperring ved utløpet av innsjøen vil dermed ikke endre på dette, samtidig som elven nå vil bli åpnet.

Regulering av Eidesvatnet

Reguleringen av Eidesvatnet har skapt mye lokal oppmerksomhet oppgjennom årene, og nedtapping utover tillatt nivå har også vært politianmeldt. Ljones Fisk AS har siden 2003 hatt en målestav stående i innsjøen, og lest av vannstand ukentlig. Innsjøen har naturlig vannstand på kote 33 moh, og anlegget har konsesjon på å senke vannstanden 75 cm under dette, til kote 32,25

[...]

De privatrettslige sidene ved reguleringen av Eidesvatnet har også vært gjennom rettsystemet, og er stadfestet gjennom dom i Gulating lagmannsrett. I bunnen av dammen er det laget tappeluken som benyttes for slipp av minstevannføring.

I løpet av de siste fire årene har Eidesvatnet vært tappet ned under LRV i en periode tidlig høsten 2006, med til sammen 30 cm under tillatte laveste regulerte vannstand LRV. Vinteren 2003 var Eidesvatnet tappet ned til LRV, og det samme skjedde sommeren 2004. Ljones Fisk AS fikk utvidet sin konsesjon til 2,5 mill yngel og 1,5 mill sjøklar smolt fra 1.juli 2004, slik at den omtalte regulering er resultat av nytt og større vannuttak enn tidligere. Selskapet har således hatt et mye større fokus på vannbruk og reguleringen av magasinet enn tidligere, da de påtalte tilfelle i hovedsak inntraff.

Grunneiere til Eidesvatnet har, seinest 17. januar 2007, påtalt at innsjøen har hatt vannstandsvariasjoner på hele 2,33 m de siste årene, med laveste vannstand hele 83 cm under LRV og også over HRV ved flere anledninger, høyest vinteren 2005 med hele 75 cm over kote 33,0 moh. Siden Ljones Fisk AS de siste årene har hatt særlig fokus på sitt vannbruk, og selv etter utvidelsen i 2004 i hovedsak har holdt seg innenfor tillatte grenser bortsett fra to måneder tidlig høsten 2006, etter en særlig tørr sommer, beror innsigelsene på forhold som ligger tilbake i tid.

Når det gjelder den påtalte manglende overholdelse av HRV, må dette bero på en misforståelse fra grunneiernes side, da kontroll med HRV ligger utenfor Ljones Fisk AS sin kontroll, fordi den styres av de store nedbørsmengdene som tidvis har forekommet på Vestlandet de siste årene. Demningen kan ha påvirket noe flomoppstuvning, men i liten grad.

Den pågående regulering med periodevis tapping av innsjøen kan tvert imot og høyst sannsynlig ha motvirket enda større flomskader ved å dempe flomvirkningene av store nedbørsmengder ved å holde vannstanden nede før nedbøren satte inn. Dette kan synes tilfellet høsten 2005, da særlig store nedbørsmengder både 14. september og 14. november førte til omfattende skader og også tilknyttede dødsfall i Bergen. Vannstanden i Eidesvatnet var da ikke særlig over HRV fordi innsjøen på sommeren var tappet noe ned.

Når det gjelder høyeste observerte flomvannstand i Eidesvatnet, skyldes ikke dette den etablerte demningen i innsjøens utløp, fordi begrensede tverrsnitt i avløpet faktisk ligger 50 m nede i utløpselven. Ved stor tilrenning er det kapasiteten til landskapet nede i utløpselven som utgjør flomterskel. Etablering av demningen i utløpet har ikke berørt landskapet rundt, slik at ekstremflomvannstand fremdeles er naturlig i Eidesvatnet.

Med gjeldende reguleringsregime på 75 cm mellom HRV og LRV, synes vannstandsvariasjonen i innsjøen å ligge nær det som er naturlig variasjon, og den høyeste vannstanden ved store nedbørsmengder vil ventelig bli avdempet ved reguleringen. Innsigelser om fare for utgliding og erosjonsskader langs Eidesvatnet synes vanskelig å forstå dersom en holder seg nær godkjent regulering, siden innsjøen har en relativ slak østside, der bebyggelsen og landbruksområdene ligger.

Områdene rundt Eidesvatnet består i hovedsak av bebyggelse og landbruk på østsiden og midt på vestsiden, mens veien, som ligger på fjell og fast grunn dominerer områdene i sørvest og nordvest. Det er bare i nordøst av det ligger et par naust ned til innsjøen. Med innsjøens naturlige vannstand som gjeldende HRV, og en forskjell på 75 cm mellom HRV og LRV, ansees dette i liten grad å påvirke de ulike brukerinteressene som grenser til innsjøen. I henhold til oppstilling i "Kalkingsplan for Kvam herad" fra 1995, skal det være tette bestander av både aure og røye i innsjøen, og det utøves fritidsfiske av betydning på disse bestandene (Johnsen mfl 1996). Dersom vannstandsvariasjonen i innsjøen holdes mellom nåværende LRV og HRV, vil variasjonen ikke være særlig avvikende fra naturlig vannstandsvariasjon i innsjøen.

Dersom en kun har unntaksvise avvik fra dette mønsteret, slik de siste årenes registreringer viser, er det ikke påregnelig at dette vil medføre noen virkning for verken produksjonen eller fiskebestandene i innsjøen.

Handsaming av søknaden

I tråd med retningslinjer for kunngjering og høyring har søknaden vore offentleg utlyst i samsvar med krava i vassressurslova. Innkomne merknader har vore lagt føre søkjar for kommentarar. Merknadene er konsentrert kring sikring av minstevassføring og skadeverknadar i vatnet som fylgje av tidvis vassnivå under LRV og over HRV.

I tillegg til høyringsrunden, er det også halde eit oppklaringsmøte lokalt 2. april 2008 der alle involverte partar var inviterte.

Innkomne merknader

Kvam herad i brev av 07.05.2008 gjorde fylgjer vedtak i sak 028/08:

"Pkt a)

Kvam herad har i sin kommuneplan, vedtatt den 13.06.06. lagt til rette for Ljones fisk AS si lokalisering i Ljonesvågen. Området langs med Ljoneselva ligg i LNF-1 område. Medan området rundt vatnet er både LNF, LNF-1 og LNF-n.

Ljonesvågen er i kommuneplan vist som FFNF - område. (fiske,- ferdsl-, natur,- og friluftsområde)

Pkt b)

Kvam herad er samd HRV skal vera på kote 33,00 og at LRV skal vera på kote 32,25 og at alle tiltak i elva og vatnet og i verksemda skal rettast inn imot dette.

Pkt c)

Eidesvatnet skal vera fylt opp til kote 33, innan 1. april kvart år

Pkt d)

Kvam herad aksepterer ei minstevassføring på 1 m³/min heile året, men ber om at dette vert vurdert av miljøvernavdelinga, for å sjå om dette er nok for å ta vare på fisken i elva.

Pkt e)

Lokkeflaumane skal vera i samsvar med tidlegare konsesjon, i høve til lengd og innhald, dvs 0,167 m³/s. og i minimum to dagar i august og september.

Pkt d)

Kvam herad vil tilrå at det vert gjeve konsesjon i ti år.

[...]

Vurdering:

Kvam herad er av dei få kommunane i Hordaland som har lagt til rette for heile verdikjeda innfor oppdrett av laks og sjøaure og såleis ein viktig bidragsgjevar til utvikling av næringslivet i kommunen.

Kommuneplanen sin arealdel, vedtatt den 13.06.2006 legg til rette for Ljones Fisk AS i Ljonesvågen, ved at verksemda er vist som noverande område for erverv.

Søknaden etter vassressurslova skal ta for seg den framlagte planen i høve til lokale interesser. Kommunen må difor også vurderer kommunen og ålmenta sine interesser i høve til verksemda sin søknad.

Lokaliseringa av verksemda i Ljonesvågen og tilhøvet til nedtappinga av Eidesvatnet har medført ein god del strid og usemje rundt vatnet. Det er difor viktig å få på plass ein konsesjon som er eit gode for verksemda og som kan tilfredstillar grunneigarane rundt vatnet og elva.

Slik det er dokumentert i søknaden så er det naturleg å ta utgangspunkt i HRV på kote 33,00 og LRV på kote 32,25. For å oppretthalda høgste og lågaste regulerte vasstand i samsvar med konsesjonssøknaden, så bør tiltak og løysingar vera retta inn i mot desse kotehøgden. I høve til rapport frå Rådgivende biologer, så bør magasinet vera fylt opp til kote 33,00 innan 1. april kvart år. På det viset vil det i 9 av 10 år vera nok vatn for å unngå tapping under kote 32,25 utover sommaren.

Tilhøvet til fisk og oppgang av fisk er eit svært viktig tema. I Rådgivende biologer sin rapport frå 2003 er det lagt på at det ikkje er dokumentert ein eigen sjøaurebestand i elva. Det bør vera grunnlag for revurdering av minstevassføring og lokkeflaumar i Ljoneselva. Under vegs i prosessen er det vist ei mykje meir positiv haldning, for å leggja tilhøve til rette for sjøauren i elva. Det vert no søkt om fiskesperre øvst i elva, like nedanfor utløpet frå Eidesvatnet. Dette vert gjort i samråd med Fylkesmannen si miljøvernavdeling.

Tilhøvet til fisk er også avgjerande for kor mykje vatn det til ei kvar tid skal vera i elva. Det er søkt om ei årleg minstevassføring på 1 m³/min. Tidlegare konsesjon hadde ein variasjon av minstevassføringa i løpet av året. Det viktigaste i rådmannen si vurdering er at det kan vera nok vatn, slik at det kan vera mogleg med ein liten sjøaurebestand. Dette bør vurderast av Fylkesmannen si miljøvernavdeling.

Lokkeflaumar og minstevassføring skal vera med å sikra moglegheitene for oppvandring av fisk frå sjøen til elva og vatnet. I pkt tre i søknaden er det søkt om tre lokkeflaumar i august og september, utan å sei noko om lengd og omfang på desse. I tidlegare konsesjon var dette kvantifisert. Det burde det også ha vore i denne søknaden for å gjera arbeidet med oppfylgjing lettare. Rådmannen vil difor føreslå at konsesjonen inneheld dei same krav som føregåande konsesjon.

Søknaden ligg føre med ynskje om at det ikkje skal vera tidsavgrensing på konsesjonen. Konsesjon utan tidsavgrensing kan vera eit gode for verksemda, men rådmannen er skeptisk til ei slik løysing.

Det vil heller vera naturleg at konsesjonen er av ei slik lengt at det vil vera mogleg å hausta erfaring med konsesjonen og endra innhaldet om det skulle vera både ynskjeleg og naudsynt. Samstundes som det er viktig at verksemda har langsiktige og kjente rammer og forhalda seg til. Slik søknaden ligg føre bør det difor etter rådmannen si meining vera ei tidsavgrensing på 10 år. Dette også med bakgrunn i at det har vore ein del strid omkring nedtappinga av Eidesvatnet og konsekvensane av dette.”

Fylkesmannen i Hordaland uttaler følgjande i brev av 17.03.2008:

"På oppfordring frå NVE gjev fylkesmannen i Hordaland følgjande fråsegn til søknaden frå Ljones fisk om fornya løyve til å regulere Eidesvatnet og sette opp fiskesperre i Ljoneselva.

Vi har ikkje merknader til den omsøkte reguleringshøgda av Ljonesvatnet. Så langt vi kan sjå, vil det berre gje små verknader på allmenne interesser, og det må kunne akseptertast i samband med etablert næringsverksemd. Når det gjeld fiskesperra og minstevassføringa, har vi nokre merknader:

Ljoneselva har i fylgje fagrapporten som er vedlagt søknaden, potensial for ein naturleg sjøaureproduksjon på 600 sjøauresmolt i året. Dette meiner vi er eit vesentleg bidrag til mengd sjøaure i denne delen av Hardangerfjorden. Elva er difor viktig for sjøaure, og det må takast omsyn til det.

Vi meiner den omsøkte minstevassføringa er i minste laget for å kunne gje gode levevilkår for fisk. Vi gjer framlegg om at den aukast til 25 l/s heile året. Det er likevel viktigast at minstevassføringa vert ufravikeleg. Den må ha høgast prioritet, slik at det ikkje vert kritisk for fisken i elva i turre periodar. Det må vera mogeleg å enkelt kontrollere om kravet til minstevassføring vert halde. Til dømes ved å etablere ein målestav. Ei fiskesperre ved utløpet av Ljonesvatnet vil ha store, negative konsekvensar for potensialet for produksjon av sjøaure. Gytefisk vil verte hindra frå å kunne opphalde seg i vatnet i turre periodar fram mot gytinga. Dei vil heller ikkje kunne overvintre i vassdraget når dei vert utelukka frå innsjøen. Vi meiner likevel at det er riktig å akseptere ein slik sperre, av di det er ein etablert næringsverksemd som vil verte hardt råka om vassdraget igjen skal opnast for sjøaure heilt opp i vatnet. Av di vassdraget lenge har vore stengt for oppvandring, er det i dag ikkje ei eksisterande stamme som vandrar opp i vatnet og difor vert råka av tiltaket. Den resten av sjøaurestamma som i dag er igjen i vassdraget, vil likevel kunne etablere seg opp til den omsøkte fiskesperra ved vatnet, og kunne fungere slik sjøaure gjer i små bekker i denne regionen.

Vi vil og sette søkelys på området ved den ulovlege sperra, heilt nede i vassdraget. Denne må fjernast snarast råd. Men det er likevel ikkje nok. Det må vere eit krav at elva på den staden vert utbedra, slik at fisken lettare kjem forbi. Elva er i dag ikkje naturleg utforma på det stedet, og oppvandringstilhøva er sannsynlegvis vanskelegare enn det som var opprinneleg. Søkjar må påleggast å sikre at det vert mogeleg for sjøaure å lett kunne passere denne staden. Ein faginstans må nyttast som konsulent, for å sikre at oppvandringstilhøva vert turvande.

Konklusjon:

Fylkesmannen meiner det kan gjevast løyve til regulering av Eidesvatnet og etablering av fiskesperre i Ljoneselva som omsøkt, med følgjande, ekstra vilkår:

Det må settast opp målestav slik at det vert lett å kontrollere om vilkåra om reguleringshøgda og minstevassføring vert haldne.

Minstevassføringa må aukast til 25 liter/sekund heile året.

Det må vere krav til at minstevassføringa i elva vert halde uansett. Tiltakshavar må få krav om å legge siitt vannbudsjettt opp slik at det alltid er vatn til elva.

Det må gjerast endringar i elveløpet der dagens fiskesperre er, slik at sjøauren kan vandre lett forbi. Ein faginstans må nyttast som konsulent, for å sikre at tiltaket vert turvande for sjøauren."

Frå **Maria-Sigrun og Jakob Eide** er det komme fleire merknadar, både enkeltvis og som par. Det gjeld same bruket.

Brev av 17. januar 2007:

[...]

"Vedkomande Ljones Fisk AS sin søknad om konsesjon og sperre for oppgang av sjøfisk til Eidesvatnet Kvam Herad i Hordaland

Svar på brev frå NVE motteke 29.12.2006.

Har tidlegare sendt brev om same saka 18.08.2003 og 12.02. 2005 som eg legg ved utskrift av.

Når det gjeld fiskesperre i Ljoneselva, så har dei aldri søkt eller fått løyve til sperre, det er eige påfunn og noko dei har laga til sjølv. Når det gjeld konsesjon til regulering i Eidesvatnet, har dei aldri fylgt den. Hausten 2006 var vatnet nedtappa med 33 cm under LVR i ein periode med regn og frå november har det vore overfylt med kring 60 cm og meir over HVR mykje av tida. Ikkje eit år har dei fylgt konsesjonen.

Merknader til søknad om konsesjon:

Den konsesjonen som Ljones Fisk AS fekk ein gong seier klart og tydeleg korleis den skal og kan nyttast. Slik han likevel er nytta, så viser det klart at Ljonesfisk a/s ikkje har tenke på å følge vilkåra i konsesjonen i det heile.

Eg har mykje informasjon om vatnet som bilete og målingar sidan 1993.

Vatnet har vore under LVR i 8 år, lågast med 83 cm.

Vatnet har vore over HVR i 12 år, høgast med 75 cm.

Dette gjev vatnet ei arbeidshøgde på 2,33 meter som er uforsvarleg mykje i eit vatn med fin sand (kvikksand) under jordsmonnet i vasskanten. Før Ljones Fisk AS tok til å tappa vatn, var skilnaden på tørke og flaum ca. 80 centimeter som også kunne vera vanskeleg å takla når det gjaldt kantar og grøftar.

Dette er då ikkje eit vatn langt til fjells, men ligg ved riksvegen med gardar, hus, grøftar, vegar, folk og dyr ikring heile tida døgeret rundt og året rundt.

Kva tid kjem førebyggjande tiltak mot meir utvasking og kva tid vert kantane oppattbygde og sand påfylt att? Sjølv om det vert slutt på konsesjonen vil vatnet vera sårbart for naturlege høgdeskilnader i mange tiår framover. Det er ikkje få tusenår vatnet har brukt på å forma seg til slik det var før Ljones Fisk AS tok til å tukla med det. Me vil ikkje ha meir erosjonsskade og utgliding i Eidesvatnet! Med desse røynslene me som grunneigarar i vatnet har erfart med Ljones Fisk A/S si drift i denne konsesjonsbolken, må me på det sterkaste gå mot ein fornya konsesjon."

Brev av 3. mars 2008:

"Merknad til konsesjonssøknad frå Ljones Fisk A/S

Eg viser til tidligare tilsende skriv i saka, og gjer no med dette merksam på at Ljones Fisk A/S ikkje er grunneigar i Eidesvatnet, og eg kan soleis ikkje forstå at dei kan regulera vanstanden i vatnet utan og å skaffa seg tilating frå grunneigarane i vatnet. Eg er ein av dei

grunneigarane som er hardt ramma av den uforsvarleg store reguleringa av Eidesvatnet utført av Ljones Fisk A/S

Eg vil difor ikkje godta ein ny konsesjon med så stor regulering.

Eg kan ikkje godta den høgste vanstand (HVR) og eg kan ikkje godta den lågaste vanstand (LVR) slik den har vore praktisert.

Stenging av Ljoneselva for oppgang av fisk, ser eg på som heilt umulig å gå med på.

Eg vil difor med dette å det sterkaste tilrå at det ikkje vert gjeven ny konsesjon til Ljones Fisk A/S!

Ljones Fisk A/S må fyrst kunna leggja med søknaden sin ein underskriven avtale med grunneigarane til Eidesvatnet før dei kan få tildelt ny konsesjon."

Brev av 29. mars 2008:

Brevet inneheld 9 bilete med forklarande tekst av planter langs stranda.

Jakob Eide skriv:

"Me har prøvd å fylgja med på utviklinga i Eidesvatnet etter at det vart regulert, og eg har merka meg at det botaniske mangfoldet er i rask endring.

Det er og vorte mindre siktedjupn i vatnet.

Eg etterlyser ei botanisk forundersøking og dokumentasjon på dette.

Det må lagast ein botanisk konsekvensanalyse, og ein tiltaksplan for bevaring og gjenoppretting av det botaniske mangfoldet i Eidesvatnet."

Brev av 7. april 2008:

Brevet består av 10 bilete med forklaring og syner korleis det såg ut rundt vatnet i 1993

Brev av 04. okt 2008:

Maria-Sigrun Eide skriv

"Har hatt kontakt med Lavoll ved NVE Vest om tilstanden i Eidesvatnet og dammen med luka.

Vatnet er no nedtappa til 32,10 m som er under LRV. Dette førde til at en bekk inn til vatnet grov seg 15 cm ned i sanden på ei natt då det var vind og regn.(27 -28 september) På 3 døger kom det 30 mm nedbør pluss tilsig av nedbøren, likevel held vatnet same høgda. Oppdemming og nedtapping av vatnet har ført til at mykje land er borte av ras og utvasking. Det same er sanden som låg under vassflata. No er det berre stein att etter at sanden er vaska bort. Dette har også ført til at vatnet som vasskjelda er forringa. Filter i vasskranar og maskiner er ofte tette av sand og anna rusk, noko som går hardt ut over vaskemaskiner og pumper.

Utforminga av dammen har ikkje gjort dette betre. Dammen burde vore flat på toppen og ikkje over H R V. L V R må ikkje vera under botnen i Ljoneselva. Denne elva er grenseelv mellom Ljones og Hjartnes. Derfor skal ikkje Ljonesfisk ta seg til rette her heller. Botnen i elva ligg på 32,40 m. Målingar kring vatnet syner at det er sand heilt opp til 33 m.og ved tapping under 32,73 m. tek utvasking til i stort omfang.

Me godtek ikkje at vatnet vert brukt til magasin over 33 m. Me godtek heller ikkje at vatnet vert tappa under 32,73 m. der skadane tek til.

Det er nå 24 år sidan verksemda starta opp, og haldninga til vatnet og grunneigarane har vore den same utan og med konsesjon og aukande mengde sjødyktig setjefisk.

Ver merksam på at Ljones Fisk aldri har vore villig til å inngå avtale med grunneigarane om bruk av vatn, førebyggjande arbeid eller oppretting av skade. Dei berre stel vatn. Me vonar heile anlegget vert fierna då me ikkje har tru på at dei nokon gong kjem til å halda seg til konsesjon. Me kan heller ikkje sjå at det er forsvarleg å gjeva konsesjon i dette vatnet.

Det vert også synt til to tidlegare brev 18. august 2003 og 12. februar 2005:

Brev av 18 aug 2003:

[...]

"Erosjonsskadane i kring vatnet held fram kvart år med innestenging av vatnet over 33,00 meter (HRV) og nedtapping under 32,25 meter (LRV). Etter den nye dammen vart bygd må alt storvatn renna over dammen medan det før også rann på sidane av dammen fordi det no er fylt opp på sidene. Mengd vatn som kjem inn i vatnet er lik som før. Høgste vasstand har vorte målt til 33,67 meter. Når vatnet også vert tappa ned under LRV vert kantane svært såre. Ljones Fisk AS vedgår i søknaden at dei har gått under LRV ved tre tidspunkt etter den nye dammen var bygd, men trøystar seg sjølv med at det har vore mindre enn ein halv meter. Dette er tre av seks år. Dei andre åra var det meir regn enn vanleg,

Korleis kan dei halde seg innanfor konsesjonsgrensa i vatnet med den utvidinga når dei ikkje har klart det så langt? Det er feil at dei berre har vore 20 cm under LRV i 2002. Dei har vore 46 cm under LRV i 2002.

Det vert også sett krav om minstevassføring og lokkeflaumar i Ljoneselva. Desse har aldri vore etterfylgde og må ikkje takast til inntekt for tilgang på meir vatn. Når vatnet kjem ned på 32,40 meter er det ikkje mogleg for vatnet og kunne renna ut. Ved dette punkt vert konsejonen broten og alt her er skadane store. På eigedommen vår har erosjonen gått vidare og greve ut grøftekant og bakke. Dette må reparerast straks. Hittil har dei ikkje gjort noko med skadane. Me har prøvd å forebyggja litt sjølv, men me vit ikkje me har rett til å gjera med vasskanten. Det hjelper litt, men kostar både tid og pengar. Skal me tapa pengar også i tillegg til jord og sand som fer ut i djupet fordi Ljonesfisk AS berre kan gjera som dei vil? Ljones Fisk AS har sagt rett ut at dei gjer ingen ting med skadane kring vatnet eller førebygging av skadar utan at dei får konkrete pålegg frå NVE. Denne åtferda er urimeleg mot grunneigarane av vatnet. Det me no fryktar er at den nye mengda yngel alt er på plass, og nedtappinga vil verta enno større. Me har forstått NVE slik at nedtappinga under LRV ikkje skulle skje, men me kan ikkje sjå anna enn skade.

Så til målestaven som har vore etterlyst ved dammen/vatnet. Det er no skrudd fast ein to-meters tommestokk på ei fjøl som er skrudd fast på gangbrua over dammen. Høgda ser ut til å vera litt på slump, men det ser ut til at 70 cm på tommestokken tilsvarar 33,00 meter. Trudde målestaven skulle visa høgda på vatnet. Ved ei høgda på 31,84 meter i vatnet vart det målt ein avstand på 27,5 meter frå dammen til vasskanten inne i vatnet. Korleis kan denne høgda avlesast på tommetokken?

Kan ikkje sjå at me har korkje rett eller plikt til å gjera noko med det som skjer i vatnet, men prøver å leggja fram fakta til dykk.

Kva skal skje med skadane? Kva tid vert dei reparert? Er det naudsynt at erosjon held fram?"

Brev av 12 febr. 2005:

"Viser til konsesjon frå Fiskerisjefen i Hordaland til Ljones Fisk A/S. der det står mellom anna: "minstevassføring i Eideselva (feiltrykk, det skal vera Ljoneselva) vert sett til 110 m³/t i månadene april – september og 65 m³/t i månadene oktober mars." "Fiskens frie gang opp i Eidsvatnet må ikkje bli hindra."

Dette er enno et brot på konsesjonen. Mattilsynet har ikkje sett krav om stenging av Eidsvatnet for oppgang av fisk. Ljones Fisk skal ikkje la det gå utover grunneigarane kring vatnet at dei sjølv har sett opp ei ulovleg sperre for fisk, for så å flytta den for å få den lovleg.

Ei sperre ved demninga i Eidsvatnet vil føra til ei større oppsamling av vatn enn no då det rimeleg vis vil samla seg ein del meir kvistar og rusk. I tillegg vil ikkje ei sperra vera til noko nytte når det er mykje nedbør. Då går vatnet over ei bredde på 10-15 meter. LRV skal vera 32,25. Vasstanden over 33,00 meter løyser opp jorda og vasstanden under 32,80 meter tørkar opp jorda. Kombinasjonen av dette medfører ei oppløysing av kantane kring vatnet som gjer att vind med bølger raserar store mengder sand og jord kvart år. Frå Eide kan me sjå delar av Varaldsøy rett over utlaupet av vatnet, noko som gjer at vinden kjem innover fjorden og Eidsvatnet med stor kraft og treff land inne på Eide. Under eit lag jord ligg det laus sand som også utgjer ein stor rasfare. Heile tida går det ras ute i vatnet og det er brådjupt utfor sandkanten. Støtta for sanden er borte. Gjer også oppmerksom på at Ljones Fisk ikkje eig grunn i Eidsvatnet og kan difor ikkje gjera som dei vil sjølv om dei får aldri så mange løyve frå offentlege etatar. Det gjeld både demninga og tilkomst til demninga. Grunneigarane vert aldri varsla om tiltak og ikkje har det vorte gjort geologiske granskningar kring vatnet. Det er naudsynt å gjera dette då ingen veit kva tid det endar opp med ei katastrofe. No er det også gjeve munnleg restriksjon av Torleiv Ljones på bruk av vegen på Eide fordi utgravingar i vasskanten held på å eta seg inn på vegen. Dette er frekt. Det er berre Ljones Fisk si skuld at landskapet går i oppløysning. Dette har me bevis for. To korsmerkte grensesteinar har også rast ut. Det er på tide at dei tek til å reparere etter seg. Me går sterkt mot at Ljones Fisk får rett til noko form for sperra mot Eidsvatnet.

Skjønar godt at alle instansar ser eit fint vatn, men det er me som bur kring vatnet i alle værhøve som ser at vatnet ikkje tålar å verta brukt på denne måte,"

Lars Øyvind Birkenes og Hilde Hushagen uttaler i brev av 27. februar 2008:

"Me viser til søknad om fornya løyve til regulering av Eidsvatnet og om løyve til å stengje av vatnet for oppgang av fisk frå sjøen etter vassressurslova § 8 frå Ljones Fisk AS. Her søker Ljones Fisk AS om redusert minstevassføring i Hjartneselva (Ljoneselva) i sin søknad om fornya konsesjon frå NVE.

Til dette vil me kommentera at eksisterande krav om minstevassføring ikkje vert overhalde. I periodar utan nedbør er det ofte lite eller inga vassføring i elva - og luka ved dammen øvst i elva er ofte stengd.

Me har tidlegare komme med merknader i høve til Ljones Fisk AS si verksemd - Viser her til "Merknad vedrørande søknad om utviding av setjefiskkonsesjon " datert 23.07.03. Også her påpeika me at krav til minstevassføring ikkje vart overhalde.

Som underlag for søknaden til Ljones Fisk AS i 2003 var det lagt ved ei konsekvensutgreiing frå Rådgivende Biologer. Denne konkluderte med at vasskapasiteten i Eidesvatnet var god nok til den omsøkte produksjonsauken.

Praksis ved Ljones Fisk AS, også etter utviding av setjefiskkonsesjonen i 2003, har diverre likevel synt at krav til minstevassføring ikkje har vorte overhalde.

Me ber difor om at det i samband med søknad om fornya konsesjon frå NVE vert stilt krav om teknisk tilrettelegging, til dømes vassmålar, for betre å sikra at krav om minstevassføring vert oppfylt. Om Ljones Fisk AS kan syna til dokumentasjon på vassføringa i elva frå 2003 og fram til i dag, ser me gjerne at ein kan få innsyn i denne.

Med omsyn til andre innspel vil me visa til merknaden som vart sendt frå grunneigarar langs Hjartneselva (Ljoneselva) vedrørende Ljones Fisk AS sin søknad om utviding av setjefiskkonsesjon dagsett 23.07.03.

Elles må det presiserast at me generelt ikkje er negative til Ljones Fisk AS si oppdrettsverksemd – og spesielt ikkje om konsesjonsvilkåra vert overhaldne.

Vedlegg:

Frå brevet til Kvam herad av 23.07.2003 siterer vi fylgjande:

Merknad vedrørende søknad om utviding av setjefiskkonsesjon, Ljones Fisk AS

Me viser til søknad om utviding av setjefiskkonsesjon, Ljones Fisk AS. I samband med søknaden har me ein del kommentarar.

Ljones Fisk AS har per i dag konsesjon frå NVE for uttak av vatn frå Eidesvatnet. Vilkår i konsesjonen er bl.a. at Hjartneselva har ei minstevassføring på 18 l/sek i perioden mai-aug og 30 l/sek resten av året. Desse vilkåra er slik me ser det ikkje vorte oppfylt. Hjartneselva er i dag i ferd med å verte gjengrodd grunna minimal vassføring - dette særleg i øvre del av elva frå Storabrua og opp til Eidesvatnet. Denne gjengroinga vil etter kvart føra til ei heving av elveløpet og at dreneringsgrøfter frå dyrka mark ikkje får utløp til elva. Elva har noko tilførsel av vatn frå nokre små bekkar i røyr/veiter slik at vassføringa er noko betre i nedre del av elva i nedbørsperiodar. For dokumentasjon kan de studera dei vedlagte bileta som er tekne 23.07.03.

I vedlegg til søknad om utviding av setjefiskkonsesjon, Ljones Fisk AS, har Rådgivende Biologer utarbeidd ei teoretisk konsekvensutgreiing. Denne konkluderer med at vasskapasiteten i Eidesvatnet er god nok til den omsøkte produksjonsauken. Me stiller oss då noko undrande til at Ljones Fisk AS i dag ikkje klarar å overhalde konsesjonsvilkåra – og særleg krava til minstevassføring i elva med ein produksjon som kun er i overkant av ein fjerdedel av det omsøkte volumet.

I konsekvensutgreiinga vedrørende utløpselva, s. 9, vert det påpeika at det er montert ei utoverliggjande rist ved eit 1,5 meter høgt fossefall, om lag ved kote 10. Rådgivende Biologer meiner at denne vil hindre fisk i å vandre opp elva. Dette er heilt klart. Fleire av grunneigarane på vestre side av elva har vore på synfaring ved rista. Dei underteikna grunneigarane kjenner ikkje til at denne rista er sett opp, og grunneigaren på vestre del av elva ved rista er ikkje informert eller førespurd om løyve til å montera denne. Kva er poenget med denne rista? Dette kan ikkje vera lovleg i hht konsesjonen frå NVE? Vi ber om at denne rista vert fjerna omgåande slik at fisk igjen kan passere.

I konsekvensutgreiinga, s. 19, heiter det: "Ljones Fisk AS har i konsesjon fra NVE krav om minstevannføring og lokkeflommer i elven. Dette ble fremsatt som innsigelse frå miljøforvaltningen for å sikre sjøaure oppvandringsmulighet fra sjøen til Eidesvatnet. Det er imidlertid aldri dokumentert at det er en sjøaurebestand i vassdraget. "

Om det er sjøaurebestand i vassdraget per i dag, har me ikkje kjennskap til. Me har heller ikkje "dokumentasjon" på at det har vore sjøaurebestand i Eidesvatnet, men sjøaure har vorte fiska til alle tider før reguleringa. Dette er det mange vitne på. Ål har det og vore mykje av i Hjartneselva og Eidesvatnet før reguleringa. Det har også vore ein bestand av elveperlemusling i Hjartneselva før reguleringa. Om denne framleis eksisterer, er ukjent.

Hjartneselva var mykje nytta til fiske tidlegare av både vaksne og born. Dette er mellom dei rettane me som grunneigarar har mist, men som lett kunne vore oppretthaldne om vilkåra for konsesjon hadde vorte haldne. Generelt er me ikkje negative til Ljones Fisk AS og oppdrettsverksemda her. Eventuell utviding av konsesjonen er me heller ikkje negative til under føresetnad om at dagens konsesjonsvilkår vert dokumentert overhaldne og rista i elva fjerna."

Lars Ugletveit m.fl. uttaler i brev av 28.februar 2008 dette:

"Underteikna har lese igjennom konsesjonssøknaden frå Ljones Fisk A/S gjeldande Eidesvatnet og Ljoneselva i Kvam Herad.

Etter vår oppfatning er det mange feil og opplysningane frå Rådgjevande Biologar AS. Dette skuldast nok ikkje biologane, men feil opplysningar frå Ljones Fisk. Ljones Fisk skriv at med tilnærma normale nedbørsmengder har det dei siste åra vist seg at vi ikkje har hatt problem med å halda fastsett LRV på 32,25. Etter at reguleringsdammen vart bygd i 1996 har det berre vore 3 avvik frå godkjend LRV. Det er ikkje tilfelle. Det er målt frå 1993 og framover, og her er data på LRV: 1993 = 31,79 1994 = 31,87 1995 = 32,07 1996 = 32,07 1997 = 31,85 1998 = 32,27 1999 = 32,44 2000 = 32,40 2001 = 31,90 2002 = 31,79 2003 = 32,20 2004 = 32,25 2006 31,92. Som de ser har LRV vore bråte dei fleste av desse åra.

Eidesvatnet er også vasskjelde for alle som bur på Eide. Der er pumpehus nede ved vatnet. Det ligg 1 ½ toms plastledning frå pumpehuset og ca. 100 m ut til høgre for dette. I 1993 fraus inntaksledningen grunna nedtappinga, og vi måtte køyra vatn i ca 2 veker til alle dyra og våningshus. Det vert leigd inn 2 gutar til å vatna dyra, og når vi skulle bruke vannklosetta måtte vi slå ei bytte vatn etter kvar gong. Dette var svært arbeidskrevende, og vi håpar på å sleppe slike situasjonar meir. Hadde ikkje vatnet vore så nedtappa ville ikkje inntaksledninga frose til.

I 2002 var Eidesvatnet den 22.10 nede på LRV 31,79 og Ljones Fisk vart varsla. Dei fortalde då at det skulle leverast smolt dagen etter og då skulle nedtappinga slutta. Den gongen vart vatnet tappa fleire cm i døgnet på grunn av all smolten som var i anlegget. I 1988 då heile den fine badestranda til naboen Jakob Eide forsvann i djupet var det erosjon og ras mange stader i vatnet. Då forsvann også ei fin sandstrand til Heine Ugletveit nedanfor Riksvegen i Nordenden av vatnet. Den gongen forsvann nok fleire hundretusen m³ i djupet. Same summar neste år raste også ei fin sandstrand til nabo Johannes Eide ut i djupet. Der er det no ei bukt inn mot furuskogen, og det var nok røtene på trærne som gjorde at ikkje meir gjekk tapt. Heile denne stranda var full av fine nøkkeroser. Det var nøkkeroser og mange andre vannplanter fleire stader i Eidesvatnet tidlegare, men etter at Ljonesfisk fekk konsesjon har desse vorte så å seie borte.

Heine Ugletveit sto saman med hunden sin på sandstranda til naboen då det raste ut under han. Hadde han ikkje vore så god til å symja ville han truleg ha drukna. Han måtte nemleg symja rundt rasstaden for å koma i land. Vi målte den gongen og det var 2,33 m frå vanleg vannstand og ned til vassflata.

Vi ser at biologane har skrive sitat: "Innsigelsen om fare for utglidning og erosjonsskader synes vanskelig å forstå." Dette er ikkje riktig. Etter at dammen vart bygd har vatnet i lengre perioder høgare vannstand. I tillegg når vatnet vert tappa er det stadig veldig ustabil vannstand. Vi ser at når det er særleg og vestleg vind er det heile tida litt erosjon ved nord og austsida av vatnet.

Det er stor fare for at gardsvegen nede ved vatnet vil verta borte. Berre dei siste åra har erosjonen vore sers merkbar. Vi trur også at Eidsvatnet står vesentleg høgare etter at dammen vart bygd. Det vart målt på heile utløpet før dammen vart bygd og den var då på kote 32,65. altså er dammen ca. 35 cm høgare enn naturleg vannstand.

Vidar Eide er ein svært oppvakt mann på 94 år. Han seier han aldri kan hugsa at vatnet har vore så høgt før over lang tid. Sei at Ljonesfisk vil etablere fiskesperre v/dammen. Dette går vi i mot. Kven er det som har gjeve Ljonesfisk løyve til fiskesperre??

Lars H. Ugletveit har teke fleire sjøaurar på garn i Eidesvatnet, det har også fleire andre gjort. Den største han har teke var på 4,6 kg. Det har også vore teke laks i vatnet. Den største vi kjenner til var på 9,4 kg.

Ser også at Ljonesfisk ikkje vil ha tidsavgrensning på konsesjonen dei søker om. Det meiner vi bør vere på berre 1 år om gongen. Det er stor fare for at Ljonesfisk med utvida konsesjon vil auka med fisk og såleis bruka meir vatn. Med det vesle nedslagsfeltet vatnet har, berre 5 km² og inga snøsmelting om sommaren er det i turre periodar fare for uforsvarlig nedtapping.

Av di Ljonesfisk delvis har øydelagt den fine naturperla som Eidesvatnet eingong var, burde vel konsesjonen vore inndragen. Vi vonar denne orienteringa vil vera til hjelp for NVE når de skal handsama konsesjonssøknaden frå Ljonesfisk."

Lars Ugletveit m.fl. skriv vidare i brev av 25.april 2008:

[...]

"Ljonesfisk har så å seie heile tida brote konsesjonsvilkåra. Såg eit brev frå miljøavdelinga frå fylkesmannen i Hordaland at konsesjonen skulle vore inndregen etter alle brota Ljones Fisk hadde gjort. Eidesvatnet toler ikkje regulering etter oppsitjarane på Eide og Kvitastein si oppfatning. For å få vatnet til å stabilisera seg att må dammen rivast. Då vil ikkje haustflaumane setja både pumpehus m/maskiner og veg under vatn

Ei ny strandsone vil då verte etablert, og den skitpøysa som vatnet no er vil med tid og stunder betra seg. Å få vatnet attende til den naturperla det var er uråd. Det vil hindra at vatnet for all framtid vert heilt øydelagt. I fall erosjonen i nordenden av vatnet fortsett vil både pumpehus og veg om få år vera borte. Våningshus og løe til Jakob Eide som ligg rett ovanfor pumpehus står ikkje på fast grunn, og erosjon og ras her kan verta ei naturkatastrofe av dimensjon. Vonar NVE forstår den alvorlege situasjonen og set grensen som oppsitjarane på Eide og Kvitastein kan leve med"

[...]

Arne Duesund eigar av gnr: 99, bnr: 5 i e-post av 12.03.2008:

"Jeg ser meg 100% enig med Lars Øyvind Birkenes og Hilde Hushagen angående merknad til konsesjon.

Jeg støtter deres brev av 27.02.08 om merknad vedrørende søknad om konsesjon til Ljones Fisk AS."

Heine og Anne Gerd Ugletveit v/ Lars H. Ugletveit i brev av 05.11.2008:

[...]

"Ljonesfisk starta med setjefiskanlegg utan konsesjon i 1984. Dei søkte om konsejon i 1986 og fekk det av Fiskerisjefen i Hordaland 23.06.1986. Søknaden frå Ljonesfisk var på ei senking av vatnet på 0,4 m, og ein produksjon av setjefisk i størrelsesorden 400 000. Så har de i NVE gjeve løyve til ei tapping på 0,6 m 10.04.1996. At de etter press frå Ljonesfisk kunne gjeve dette løyvet er for oss uforståelig. At konsesjonen no er 0,75 m er ein katastrofe! De visste då at Ljonesfisk hadde tappa Eidesvatnet langt under det som det var gjeve konsesjon for. Sidan Ljonesfisk fekk konsesjon i 1986 har dei brote den alle år fram til no, bortsett frå 1999 og 2000. I 2004 var det på kote 32,25, akkurat grensa som var LRV. Vi lurar på kva tid NVE meiner brot på konsesjonen er nok, og bør inndragast?? Vi har målt heile tida og veit at brota på konsesjonen alle dei andre åra er riktig! Mor til underskrevne er frå hovudbruket på Ljones g/b.nr 95/7. Eg var ofte hjå bestefar, og han fortalde i detalj om bruken og demminga av Eidesvatnet. Han var gardbruker og båtbygger. Det var fleire båtbyggere på Ljones. Dei hogg tømmer om vinteren og køyrde det med hest til saga ved sjøen. Det vart sett ei treluke i dammen slik at vatnet auka litt, og så skar dei båtsbord som vi kallar det i mai månad. Luka vart så fjerna og vatnet rann naturleg resten av året. Då Ljonesfisk 2. og 3. oktober 1995 i lagmannsretten fekk rett til å demme opp vatnet, hevda dei å ha gamle rettar. Det skulle visst vera ein gamal rett til å demme vatnet litt opp i tida 01.05 – 30.09. Dei hevda gamle retter attende til 1900 talet på kverner til å lage brødmel, og slipesteinen til å kvesse ljåar og øksar med. Saginga av tømmer var også ein viktig grunn.

Ljonesfisk førte da nokre vitner som kom med heilt usanne påstander. Dei hevda også å ha løyve av grunneigarane til vatnet på Ljones. Det er berre 2 av grunneigarane som har gjeve løyve. Den eine er svigerson til Torleiv Ljones som eier av Ljonesfisk. Svigerson har g.nr.95 og br.nr.5. Den andre som eig ved dammen har 97/7. Dei andre 95/1 og 95/2 har skrive under saman med grunneigerne på Eide og Kvitastein og protestert. Dette vil de sjå på underskrifta eg legg ved. Etter at dammen vart bygd i 1996 har vatnet kvar haust stått uvanleg høgt. Det har fleire gonger gått over gardsvegen nede ved vatnet. Nabo Vidar Eide på 94 år seier det aldri har hendt før i hans levetid. Med bølger på over 1 meter vil nok vegen snart forsvinna. Før 2 år sidan sto vatnet inne i pumpehuset så høgt at ei av pumpene vart øydelagt. Heine Ugletveit måtte kosta ny CR3 pumpe på 2 kW til 18 400 kr. Rørleggjaren som vurderte skaden, sa at det ikkje svarte seg å vøla den. I tillegg fekk han ein ny plastbåt som var oppbevart i kjellaren under garasjen til Anne Gerd Ugletveit knust. Vi har også montert vannfilter på inntaksledningen i våningshuset. Filteret må skiftast svært ofte på grunn av skit og sand som den uansvarlege tappinga har ført med seg. Eit frostsikkert drikkeanlegg som Heine Ugletveit fekk montert i pelsdyrfarmen sin tok fyr og brann opp i ei lengde på over 40 meter i 2003. På grunn av all skiten i vatnet vart eit filter tett. Vannledningen vart då så overoppheta at den tok fyr. Til all lukke skjedde dette på dagtid, og det var folk til stades. Hadde dette skjedd om natta ville det fått katastrofale følger. Anlegget kosta kr. 150 000 og var dårleg forsikra. Vi har også vorte nøydd til å skifta både oppvaskmaskina på kjøkkenet og klemaskina i kjellaren grunna all skit og sand i vatnet.

I brev frå NVE i 1988 siterer eg følgende: "Frå NVEs side blir det fremhølt at en senking utover 40-50 cm må unngås." Ein advokat eg har tala med meiner Ljonesfisk ikkje har rett etter paragrafen i vassdragslova å taka ut vatn.

Viser til paragrafane 14 – 104 – 105 – 106 og paragraf 8 og 108. Eidesvatnet er vasskjelde til alle som bur på Eide. Eidesvatnet er vasskjelde til alle som bur på Eide. Før Ljonesfisk fekk konsesjon til å regulera vatnet var det krystallklart. Vi kunne sjå botnen på mange meters djup. Dykker som har vore nede og sett på inntaksledningen til pumpehuset seier at han no ser 0,5-0,7 m. Vatnet er med andre ord heilt gromset. Uttak av vatn både til husholdningen og landbruk er stort. Jakob Eide har over 40 storfe og Jan Roger Eide over 50 storfe. I tillegg har Jan Roger 750 høner. Berre til hønene bruker han over 1000 l pr. dag. Han har teke prøver av vatnet fleire gonger no siste åra, og prøvane viser at vatnet ikkje held kvalitet til å bruka til hønene. Notura og Mattilsynet har førebels berre gjeve han løyve og dispensasjon fram til 1. des. 2008 med vatn til hønene.

Vi har hatt sønene og dotter vår med familie på besøk. Dei vart sjuke med oppkast og diare når dei drakk av vatnet. Likeins vart ein leigebuar med familie sjuke. Legane dei seier det kjem av vatnet frå Eidesvatnet. Difor e det no fleire av familiane som no kjøper vatn i butikk. Det er og uråd å vaska kvite klede. Vaskar vi kvite skjorter og liknande må vi difor henta vatn hjå folk som er med vassuttak frå bygda. For berre nokre veker sidan var vatnet nedtappa til kote 32,10. Då veret endra seg med kraftig nedbør og mykje vind, vart erosjonen kring bekken og vatnet enorm. Lågaste punkt på dammen er kote 33,00 og utløpet er berre 2 m breidt. Så er det støypt opp 25 cm resten av dammen. Underskrevene målte for 5 dagar sidan ved dammen, og då var vatnet på kote 33,35. Når bølgene i nordenden vert over 1 m, skjøner de sjølv kor stor erosjonen vil verta. I skrivande stund er Eidesvatnet så gromsete at det nærmast er heilt ubrukeleg.

Eg legg ved kart som viser kva den enkelte grunneier har av strandline kring vatnet. Dei er innteikna med g.nr og b.nr. Som de ser eig grunneierne på Eide og Kvitastein over 90%.

Etter konsesjonsvilkåra skal Ljonesfisk ha lokkeflaum. I staden for å tilretjeleggja for fisken til å gå opp i vatnet har dei prøvd å stengja for oppgang av fisk. Så er spørsmålet: Skal det gå utover helsa til folk som bur på Eide, eller er det viktigare at Ljonesfisk får halda fram på den uforsvarlege måten dei hittil har gjort? Når ikkje vatnet er godkjent til dur, skal vi måtte bruka det til menneske? Eg legg ved noko skriv frå Fylkesmannen og NVE, og bilete av den fine sand og badestranda til Jakob Eide, som forsvant i Juli 1988.

Det er og med ei CD plate. Bileta vart tekne for ca. 1 mnd. sidan. Den usle holmen på biletet ved Kvitastein kan vi med normal vasstand ro over med båt. På grunn av alle overtredelser og uforsvarlig framferd krev vi at konsesjonen vert inndregen og dammen fjerna. Skulle de likevel gjeva konsesjon må høgste punkt vera maksimum kote 32,7 og LRV 32,30. Det var utgangspunkt for konsesjonen, og vatnet toler heller ikkje større regulering. Overløpet på dammen må vera 5 m langt. Det må berre gjevast konsesjon for 1 år om gongen. NVE må krevja ny vasskjelde for Eide som Ljonesfisk betaler. Vonar dette skriv og opplysninger er til nytte for konsesjonshandsaminga."

Søkjar sine kommentarar til innkomne merknadar

Søkjaren har komme med kommentarane sine i to omgangar, etter den offentlege utlysinga og etter oppklaringsmøtet 2 april 2008.

Brev av 28. mars 2008

"Kommentar til uttalene til konsesjonssøknad om regulering av Ljones-elva.

Uttale frå Jakob Eide:

Ljones Fisk AS har avtale med grunneigarar på Ljones om å leiga deira vassrettar i Eidesvatnet. Alle grunneigarar frå vatnet og ned til sjøen er aksjonærar i Ljones Fisk. Det privatrettslege tilhøvet mellom grunneigarane i Eidesvatnet når det gjeld oppdemming av vatnet er fastsett ved rettskraftig dom i Gulating Lagmannsrett gjev grunneigarane på Ljones rett til oppdemming opp til kote 33,0 m.o.h. og nedtapping til kote 32,25.

Uttale frå Duesund, Birkenes og Hushagen:

Vassføring i øvre del av Ljoneselva vert regulert ved ein dam med reguleringsluke ved utløpet av Eidesvatnet. Denne luka vert manøvrert ved ei skrue med ratt på toppen og har ikkje vore avlåst. Det har til tider vore eit problem at uvedkomande har både opna og lukka denne luka, og det må ha vore berre korte periodar at ho har vore stengd dei seinare år. Når luka står på minste opning er det også lett for at det set seg greiner og kvister og liknande fast i spalta og tettar opninga. Vi må i framtida verta meir påpasselege med å inspisera denne luka.

Vi har ikkje hatt problem med å halda LRV dei siste 5 åra, bortsett frå ein kortare periode i august – september 2006. Det har derfor ikkje vore nokon grunn for oss til at vi ikkje skulle halda pålagt minstevassføring i elva. Det må likevel vera rett å påpeika at 1 m³/min synest lite når det renn i ei elv. Ca 200 m nede frå vatnet kjem det inn tilsig frå ei oppkomme og ein liten røyrlagd bekk som aukar vassføringa i elva merkbar også i tørkeperiodar. Eg har ikkje observert fiskedød i elva dei seinare år.

Uttale frå Lars Ugletveit m.fl.

Vi har montert ein fast målestav for vasshøgde på dammen og ein på ein stein lengre inne i vatnet. Vi har avlese vasshøgda regelmessig og vi står fast på at dei siste 5 åra har vi berre ein gong vore under LRV. Det er derfor direkte urett at vi utanom unormale tørkeperiodar har problem med LRV.

HRV angjev høgda på dammen, men det må ikkje forvekslast med vasshøgde i flaumperiodar. Den er utanfor vår kontroll og vert skapt av flaum og ei innsnevring i elveløpet ca 50 meter nedanfor der Ljones Fisk AS har gjort noko regulering. Høgda på hella over den gamle dammen vart av teknisk etat i Kvam Herad den 27. sept. 1989 målt til 33,184 m.o.h., ikkje 32,65 slik det vert påstått i denne uttalen.

Fylkesmannen i Hordaland.

Eg viser til uttale gjeve til NVE av Fylkesmannen i Hordaland si miljøavdeling, datert 12. nov. 2004, som vart laga etter eit møte med Ljones Fisk. Miljøavdelinga kom der med eit framlegg om å tilretteleggja heile Ljoneselva for oppgang av sjøaure fram til vatnet og at det der kunne etablerast ei sperre for fisken mot å gå inn i vatnet. I pkt 5 i dette brevet vart det tilrådd å vidareføra eksisterande vilkår om minstevassføring og lokkeflaumar. Vi hadde ingen merknad til dette.

I den siste uttalen er ønsket til minstevassføring auka med 25%. Dette vil gjera det vanskelegare å unngå å koma under LRV og dermed også å halda noverande minstevassføring i tørkeperiodar. Ljoneselva har historisk sett ikkje hatt oppgang av fisk frå sjøen til vatnet. Ein høg kverndam vart riven i 1958 i samband med ei elveregulering etter utskifting, og etter den tid kunne det nok koma opp fisk i flaumperiodar. Frå naturen si side har det alltid vore slik i Ljoneselva at utan regulering kunne vassføringa har vore minimal eller heilt borte ut frå Eidesvatnet i tørkeperiodar. Fisken overlevde då berre i kulpar nedover i elva. Dei fleste av desse kulpane har vorte borte ved utretting av elveløpet og fjerning av 2 dammar etter utskiftinga på Ljones i 1956. Den reguleringa som Ljones Fisk no søker om vil derfor gje ei forbetring med omsyn til stabil minstevassføring enn det som er tilfelle frå naturen si side.

Det er sagt i uttalen frå Fylkesmannen at "elva i dag ikkje er naturleg utforma på stedet (der noverande rist står) og at oppvandringsstilhøva er sansynlegvis er vanskelegare enn det var opprinneleg". Dette er rein spekulasjon basert på manglande historisk kunnskap, for dette er ei oppbygging som var fundament under ei vassrenne fram til ei vass-sag som vart riven først på 50-talet.

Uttale frå Kvam Herad.

Eg har ingen merknad det vedtak i Kvam Heradsstyre gjorde i sak HST-087/03 og har pr. d.d. ikkje motteke noko vedtak frå siste saksbehandling.

Ljones Fisk AS er i dag eit vel fungerande smoltanlegg som vert drive i tett samarbeid og har felles leiting med Hardingsmolt AS som ligg i nærleiken, men med ei anna vassskjelde. Klekking og startføring av yngel til Hardingsmolt vert gjort på Ljones Fisk. Til saman har desse to verksemdene 8 heiltids arbeidsplassar, av desse 4 på Ljones. Etter at det vart installert lufteutstyr for vatnet og automatisk kontroll på O2 på karnivå har Ljones Fisk AS mykje betre føresetnader for økonomisering av vatnet når det er nødvendig. Det har vi også bevist dei siste 5 åra etter at konsesjonen vart auka, ved at vi berre ein gong har vore under LRV, og då berre med 30 cm. Ekstremperiodar med tørke vil sjølv sagt også kunna oppstå også i framtida, men elles kjenner vi oss trygge på at vi skal kunna halda oss til dei reguleringsgrenser som vi så langt har hatt."

Brev av 24. april 2008:

"Søknaden vår låg ute til offentleg gjennomsyn på Kvam Rådhus og på internett fram til 22. februar og frist for innsending til NVE var 29. februar 2008. Eg har no fått tilsendt 2 merknader, begge frå ekteparet Maria Sigrun Eide og Jakob Eide. Den første datert 7. april 2008 og den andre 29. mars 2008. Begge dei to som no har sendt merknader har også sendt merknader innan fristen i februar. Er det slik at det stadig skal takast omsyn til nye protestar og merknader enno ei tid framover?"

Uttale frå Maria Sigrun Eide:

Bilete frå 1993: Dette er 15 år gamle bilete, frå tida før demninga vart bygd i 1996. Dette er ikkje relevant til situasjonen i dag. Bilete frå 2006: September /oktober 2006 var vi nede på vannstand 32,95 som er 30 cm under LRV. Dette året var det ein svært tørr sommar. Etter målingar hos Kvam Kraftverk på Fosse (6 km avstand) var det i august/september dette året 278 mm nedbør, medan det i 2005 var 606 mm og i 2007 674 mm. Perioden mai/september 2006 var nede i ca 50 % av normalnedbør. I slike ekstreme tørrperiodar vil vi ha vanskar med

å halda LRV også i framtida, men dette er den einaste gongen dei siste 6 åra vi har vore under LRV. Bileta viser mindre utgraving i laus sand i strandsona ved utløpet av ein bekk. Eg kan ikkje av bileta sjå at dette utgravingar som er større enn det ein kan forventa der ein liten bekk renn inn i eit vatn over lausmassar.

Uttale frå Jakob Eide:

Eg kjenner ikkje til at det er føreteke noko registrering av kva planter som var i Eidesvatnet før vi starta uttak av vatn i 1986. Kva som då i tilfelle er nye planteslag og kva som skal gjenopprettast kan vera vanskeleg å dokumentera. Svært mange vatn har større variasjonar mellom høg og låg vass-stand enn det som Eidesvatnet no har vore utsett for. Vatnet har under normale tilhøve god siktdjupne og vatnet i fiskekummane våre har vore klårt og fint. Eg oppfattar desse merknadane mest som ein freistnad på å trenera saka. Eidesvatnet framstår også i dag som eit vatn med ei fin strandlinje. At det over tid skjer endringar i vegetasjonen i strandsona når klimaendringane er så tydelege som no, må ein rekna med. Om det er ynskeleg vert eg gjerne med på ei synfaring der vi går eller ror rundt heile vatnet, men denne saka har no drege såpass ut i tid at det er på tide å ta ei avgjerd.

Søkjaren har også sendt framlegg til sikring av minstevassføringa, brev av 3. april 2008

"Forslag til sikring av minstevassføring i Ljoneselva. Eg viser til møte i Grendahuset på Innstranda i går der grunneigarar ved Eidesvatnet vart inviterte til å koma med synspunkt på konsesjonssøknaden til Ljones Fisk AS. Det kan vera vanskeleg med noverande regulering gjennom damluka å gje ei kontrollerbar og sikker minstevassføring i elva. Mitt forslag til å sikra dette er å tilføra vatn til elva gjennom ei nedgravd røyr som har fritt avløp til elva på eit punkt der elva sitt nivå er ca 2 meter under LRV. Dette punktet ligg ca 80 meter nedanfor elveosen. Desse øverste 80 metrane vil i tørtperiodar då rett nok vera tørr, men resten av dei 900 m av elva vil då få ei heilt sikker minstevassføring uansett vassnivå i Eidesvatnet. Det ligg i dag 3 røyr inn i vatnet. 2 stk 310 mm røyr og 1 stk 110 mm, nedgravd til ca 1,5 m under LRV. Den minste røyra har dei seinare år ikkje vore i bruk og kan no på ein enkel måte nyttast til å sikra minstevassføringa. Reguleringsluka i dammen skal etter teikninga ha ei opning på 20 x 30 cm, men vi laga den 30 x 40 cm. I periodar med flaum har vi vore påpasselege med å ha full opning på denne luka og dermed er den til større hjelp ved flaumavrenning. Vi vil elles så sterkt vi kan motsetja oss å gjera inngrep som aukar flaumavrenning frå Eidesvatnet ut over det som er tilfelle frå naturen si side. Dette vil kunna gje flaumskader lengre nede i vassdraget som vi ikkje har kontroll over. Alt no står den dyrka marka 2 – 300 meter under vatn i slike situasjonar, (sjå fyrste bilde nedanfor) og dette vil forsterka seg om vi utvidar elveløpet lengre oppe."

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader

Om søkjaren

Ljones Fisk AS er eitt frittstående settefiskanlegg og er medlem i nettverksorganisasjonen Havdyrkerne BA. Ljones Fisk AS produserer smolt for utsett i sjø og leverar yngel til eit anna settefiskanlegg i nærleiken.

Om søknaden

Det vert søkt om fornying av konsesjon til regulering av Eidesvatnet med 0,75 m og om løyve til å stenge Ljoneselva for oppgang av anadrom fisk med ei fiskesperre ved utlaupet av Eidesvatnet. I tillegg søker Ljones Fisk AS om ei redusert minstevassføring med slepp av minstevassføring på 1 m³/min heile året mot 1,08 m³/min i sommarsesongen 1. mai til 31. august og 1,80 m³/min i vintersesongen 1. september til 30. april, slik situasjonen er i dag. Det vert også søkt om at konsesjonen vert gjeve utan tidsavgrensing.

Historisk attersyn

Som bakgrunn for å forstå søknaden og dei fråsegnene som er komne, er det naudsynt å ta med historia i denne saka. Ljones Fisk AS vart etablert i 1986 utan løyve etter dåverande vassdragslov.

I 1989 etablerte Ljones Fisk AS fiskesperre på kote 10 i Ljoneselva. Sperra blei etablert grunna smitterisiko frå oppvandrande fisk til inntaksmagasinet. NVE har ikkje gitt løyve til denne fiskesperra. I vilkåra i konsesjonen frå NVE gitt i 21. mai 1992 er det derimot påpeika at fiskens frie gang opp i Eidesvatnet skal sikrast.

I konsesjon gitt av NVE 10. april 1996 fekk Ljones Fisk AS løyve til å auka reguleringa av Eidesvatnet til 75 cm, mellom HRV på 33 moh og LRV på 32,25 moh. Minstevassføringa er satt til 1,08 m³/min i sommarsesongen 1. mai til 31. august og 1,80 m³/min i vintersesongen 1. september til 30. april. I tillegg er det satt krav om slepp av lokkeflaumar. Konsesjonen gjaldt fram til januar 2007, men er forlenga fram til denne søknaden er ferdig handsama, jf. brev av 20.12.2006.

På 90-talet og litt over tusenårsskiftet fikk NVE inn mange klager på at vilkåra i konsesjonen ikkje vart haldne. Det gjekk både på reguleringsgrensene, minstevassføringa, lokkeflaumar og på fiskesperra.

9. september 1997 gjennomførte NVE ein synfaring med grunneigarane der formålet med synfaringa var primært å sjå på erosjonsskadane langs vatnet. Same dag blei LRV målt til 32,06 som var 19 cm under LRV.

I 2002 vart søkjaren meld til politiet av NVE pga. påstandar om gjentatt brot på konsesjonsvilkåra om at regulanten har gått under LRV. Saka vart etterforska og vart "*henlagt etter bevisets stilling*." Sitat frå Hordaland politidistrikt si avgjerd i saka av 15.08.2003.

Eksisterande forhold i vassdraget

Ljonesvassdraget i Kvam herad ligg mellom Tørvikbygd og Strandebarm. Vassdraget har eit lite nedslagfelt på om lag 5 km². Høgste punktet er på omtrent kote 500 moh i aust. Det vert av den grunn lite med fjell i feltet, og det er berre ein innsjø. Det er Eidesvatnet som ligg på kote 33 sentralt i vassdraget.

Ljoneselva mellom Eidesvatnet og sjøen har i lang tid vore stengt for oppgang av fisk. Denne sperra ligg i nedre del av elva og etableringa av denne er ikkje handsama etter relevant lovverk. Fram til 1958 var elva sperra på grunn av vassinntakskonstruksjonar til kvernhus.

Vassleidningane frå vatnet og ned til settefiskanlegget ligg delvis i elva og delvis oppå bakken ved sida av elva.

Regulering og hydrologiske verknader:

Nedbørfeltet til Eidesvatnet har ei gjennomsnittleg spesifikk avrenning på 53 l/s/km^2 .

Dette gjev ei tilrenning til Eidesvatnet på $0,27 \text{ m}^3/\text{s}$ eller $15,9 \text{ m}^3/\text{min}$ i gjennomsnitt.

Avrenninga er ikkje jamt fordelt over året. Dersom nedbøren kjem som regn, vil tilrenninga til vatnet gjennom vinteren ligge på rundt $15 \text{ m}^3/\text{min}$, i perioden april – juli er tilrenninga på det lågaste med $8 - 10 \text{ m}^3/\text{min}$, for så å auke på frå august av, og i perioden september – desember vil tilrenninga vere på det høgste med over $22 \text{ m}^3/\text{min}$. Nedbøren vil normalt komme som snø i enkelte periodar om vinteren. Dette vil minke tilrenninga til vatnet på den årstida, noko som venteleg blir kompensert om våren. Forstyrrende faktorar her er mildvêr med regn om vinteren og eventuell direkte overgang frå snø til vassdamp (sublimasjon) i staden for smelting og avrenning.

Arealbruk og eigedomsforhold

Kommuneplanen sin arealdel, vedteken den 13.06.2006, legg til rette for Ljones Fisk AS i Ljonesvågen. Området langs med Ljoneselva ligg i LNF-1 område, medan området rundt vatnet er både LNF, LNF-1 og LNF-n. Ljonesvågen er i kommuneplan vist som FFNF - område (fiske,- ferdsel,- natur,- og friluftsområde).

Det ligg føre ein dom frå Gulating lagmannsrett om at grunneigarane på Ljones kan regulere vatnet mellom kote 32,25 og kote 33,00. Det er inngått avtale mellom Ljones Fisk AS og desse om vassuttak til settefiskanlegget.

Høyring og distriktshandsaming

Nedenfor fylgjer ei kort oppsummering av hovdepunktane i høyringsuttalesane.

Kvam herad støttar søknaden på visse vilkår. Eidesvatnet skal vere fylt opp til kote 33,00 innan 1. april kvart år. Kommunen aksepterar minstevassføring på $1 \text{ m}^3/\text{min}$ heile året, lokkeflaumane skal vere i samsvar med kravet i eksisterande konsesjon. Kommunen tilrår konsesjonstid på 10 år.

Fylkesmannen i Hordaland meiner det kan gjevast løyve til regulering av Eidesvatnet og etablering av fiskesperre som omsøkt, begge delar på visse vilkår:

1. Det må settast opp målestav slik at det vert lett å kontrollere om vilkåra om reguleringshøgde og minstevassføring vert haldne.
2. Minstevassføringa må aukast til 25 liter/sekund ($1,5 \text{ m}^3/\text{min}$) heile året.
3. Det må vere krav til at minstevassføringa i elva vert halde uansett. Tiltakshavar må få krav om å legge sitt vassbudsjett opp slik at det alltid er vatn til elva.
4. Det må gjerast endringar i elveløpet der dagens fiskesperre er, slik at sjøauren kan vandre lett forbi. Ein faginstans må nyttast som konsulent for å sikre at tiltaket vert turvande for sjøauren

Maria-Sigrun og Jakob Eide har i til saman 6 dokument gjeve fråsegner til denne søknaden. 2 av breva er kopi av tidlegare innsendte klager på korleis vilkåra i konsesjonen har vortne etterlevde. Merknadene går på at vasstanden varierar frå under LRV til over HRV med etterfylgjande erosjonsskadar lang Eidesvatnet. Kravet om minstevassføring og lokkeflaumar er ikkje oppfylt og fiskesperra har aldri vore godkjend. Mattilsynet har heller ikkje kravd at det skulle etablerast sperre. Innsendarane hevdar også at Ljones Fisk AS ikkje er grunneigar til vatnet, og dei har såleis ingen rett til oppdemming og uttak av vatn. Dei går på det sterkaste i mot stenging av Ljoneselva og meiner at

dei omsøkte reguleringsgrensene er for vide. Det betyr at dei ynskjer seg LRV lenger opp og/eller HRV lenger ned.

Lars Øyvind Birkenes og Hilde Hushagen er i utgangspunktet ikkje negative til Ljones Fisk AS si oppdrettsverksemd, under føresetnad av at konsesjonsvilkåra vert haldne. Dei peikar på minstevassføring som eitt av vilkåra som ikkje vert etterlevd av konsesjonssøkjaren. Det går ut over mellom anna fisken i elva og fører til at øvre del av elva delvis gror att og botn hevar seg og fører til problem med drengroftene frå markene omkring.

Fiskesperra må vekk. Ho hindrar oppgang av sjøaure som ein tidlegare kunne fiske i Eidesvatnet. Der vart det også fiska ål. Før reguleringa var det også ein bestand av elvemusling. Om denne framleis er intakt, veit dei ikkje. Ljoneselva vart mykje nytta til fiske tidlegare av både vaksne og barn. Dette er mellom dei rettane som dei som grunneigarar har mist, men som framleis kunne eksistert viss vilkåra i utgått konsesjon hadde vorte haldne.

Lars H. Ugletveit med fleire hevdar det er feil i konsesjonssøknaden med omsyn til opplysningar om kor ofte vatnet enten har vore under LRV eller over HRV. Dei skriv at vatnet har vore under LRV dei fleste åra i tida 1993 – 2006. Eitt år fraus inntaksleidninga til pumpehuset nede ved vatnet på grunn av sterk nedtapping. Det har skjedd fleire utrasingar lengs strendene. Ei fin sandstrand er øydelagd. Nøkkeroser i strandkanten har ikkje overlevd dei store vassstandsvariasjonane. Det er også problem med at vatnet står for høgt og at gardsveg blir overfløymd. Dei protesterar mot fiskesperre, og opplyser at det tidlegare ikkje berre har vore fiska sjøaure i vatnet, men også laks. Ein eventuell konsesjon må berre gjevast for eitt år om gongen. Ugletveit har også sendt over ei rekkje bilete med forklaring som syner ymse situasjonar i Eidesvatnet.

Arne Duesund seier seg heilt samd med fråsegna frå Birkenes/Hushagen.

Verknader som tiltaket vil gje - Fordelar og skader/ulemper

NVE ser det slik at tiltaket kan gje fylgjande fordelar og ulemper.

Fordelar

- Ei regulering og vassuttak som omsøkt vil sikre produksjon i anlegget og eksisterande arbeidsplassar.

Ulemper

- Ei fiskesperre vil påverke forholda for anadrom fisk negativt.
- Allmenne interesser i lokalmiljøet vert negativt påverka av reguleringa og redusert vassføring i Ljoneselva.

NVE si vurdering

Søknaden gjeld stort sett vidareføring av eksisterande konsesjon som gjaldt til 1. januar 2007, men som NVE har gjeve melding om at framleis gjeld inntil ein ev. ny konsesjon vert gjeven, jf. brev av 20.12.2006. Ved ein vurdering av ein ev. ny konsesjon er det av stor betydning korleis tiltakshavar har ivareteke vassdraget i denne perioden og i kva grad tiltaket har påverka allmenne og private interesser.

Mange av merknadene som er komne inn i denne saka dreier seg om tilhøve både 10 og 20 år attende i tid og har som fellesnemnar misnøye med reguleringa av vassdraget og påstandar om at konsesjonsvilkåra var brotne.

Påståtte brot på vilkåra gjeld mellom anna tapping av Eidesvatnet til under LRV, manglande minstevassføring og stenging av elva for oppgang av anadrom fisk.

Regulering av Eidesvatnet

I den fyrste konsesjonen som vart gjeven, var reguleringshøgda 0,5 meter mellom kote 32,25 og 32,75. Etter ein dom i Gulating lagmannsrett 2. november 1995, som konkluderte med at rettshavarane til vatnet hadde rett til oppdemming opp til kote 33,00, vart det søkt om utvida konsesjon til oppdemming til dette nivået. På den tid vart det vurdert slik at den omsøkte auka oppdemminga ikkje ville vere til skade eller ulempe for allmenne interesser, og tidsavgrensa løyve fram til 01.01.2007 til regulering og vassuttak vart gjeve 10. april 1996.

I løpet av åra som har gått sidan det vert gjeve konsesjon for noverande regulering, er det hausta en del røynsle på om det var føremålstenleg å heve oppdemmingsnivået med 25 cm. NVE står fritt til å vurdere, og bestemme, reguleringsnivået uavhengig av dommen nemnt ovanfor. Det vil såleis vere ei avveging mellom interessene til søkjaren på den eine sida og omsynet til allmenne og private interesser på den andre sida som vil vere avgjerande.

Av sakstilfanget er det etter vårt syn ikkje klart påvist at det er vesentlege ulemper med denne reguleringa så lenge dei held seg innafor reguleringsgrensene. NVE ser også at om søkjaren skulle få reguleringsmagasinet sitt redusert med meir enn 1/3, slik som nokon tek til orde for, ville det få uheldige konsekvensar for settefiskanlegget, ved at dei får lite magasinivolum tilgjengeleg, noko som kan vanskeleggjere drifta i anlegget.

Det synast for NVE som om ei regulering av Eidesvatnet på 0,75 m er akseptabelt for dei aller fleste. Grunna vasstander ut over desse grensene frå tid til annan er likevel skepsisen frå dei bufaste rundt Eidesvatnet stor når det gjeld om det kan gjevast ny konsesjon. NVE kan forstå denne skepsisen grunna historikken i saka. NVE har varsla ein skjerpa praksis ovanfor settefiskanlegg som ikkje overheld konsesjonsvilkåra. jf. brev frå NVE til eigarar av settefiskanlegg av 16.12.2008. Om NVE gjev konsesjon til denne reguleringa vil vi for det fyrste sjå til at både vasshøgde og krav om minstevassføring skal kunne kontrollerast av ålmenta. Det kan sjå ut til at Ljones Fisk AS ikkje vil utelukka at dei også i framtida lyt regulere vatnet under LRV i turre år. NVE vil understreka at slike ekstra nedtappingar ikkje er akseptable utan at dei er godkjend på førehand. Om slike løyve vert gitt, avhenger av om selskapet har hatt vassrettar som oppgjeve, om andre vassparande tiltak er sett i verk, og om vassuttak har vore innafor kravet. Det kan ikkje reknast som sjølvstyk at NVE gjev slike løyve.

Dagens utføring av dam og overløp, saman med vassføringshinder nedover Ljoneselva, fører til at Eidesvatnet til tider står ein del over HRV. NVE meiner at denne høgda kan reduserast, og dermed også ulempene som fylgjer med høg vasstand, ved at både overløp og elveløpet vert utforma med ein tilfredsstillande avleiingskapasitet. Det må likevel reknast med at større flaumar kan gje vasstand som går over HRV. Erosjonsskadar er ein konsekvens som blir teke opp i høyringsrunden av nokre av grunneigarane. NVE meiner at konsekvensane av erosjonen vil reduserast betydeleg ved ein betre utforming av dammen saman med at tiltakshavar ikkje går under fastsett LRV. NVE kan i medhald av standardvilkår i ein ev. konsesjon gi pålegg om erosjonssikring, om dette vert sett på som naudsynt.

Kommunen påpeiker at det bør setjast krav om at magasinet skal være oppfylt innen 1. april. NVE meiner at eit slikt avbøtande tiltak vil gi større avgrensingar i drifta for selskapet samanlikna med betydinga for ålmenta, samstundes som også flaumfaren aukar dersom magasinet er fullt når vårflaumen tek til.

Biologisk mangfald

I miljørapporten er naturleg sjøaureproduksjon beskrive med eit potensiale på 600 sjøauresmolt i året i Ljoneselva. Fylkesmannen meiner at ein sjøaureproduksjon på 600 stk. i året er eit vesentleg bidrag til mengd sjøaure i denne delen av Hardangerfjorden. NVE seier seg samd med fylkesmannen, og ser det som naturleg å ta omsyn til sjøaurebestanden. Bestanden i Noreg går nedover fleire stadar, og NVE meiner at et slikt vassdrag som her har ein viss verdi.

Det blir peika på i høyringsuttale frå Lars Øyvind Birkenes og Hilde Hushagen at det tidlegare blei fiska laks, sjøaure og ål i elva og Eidesvatnet. Det vert også synt til at det tidlegare har vore ein bestand av elvemusling i elva. Av dei nemnde artane er to registrert i den norske raudlista. Ål er registrert som kritisk trua og elvemusling som sårbar. NVE har tatt kontakt med Fylkesmannen i Hordaland pr telefon og per e-post 16.01.2009. I fylgje fylkesmannen er det sannsynleg at det er ål i Ljoneselva. Det er lite kunnskap om ål, men når det gjeld mengd vatn i elva er ikkje ålen like kravstor som laks og sjøaure. NVE meiner at slepp av noko minstevassføring vil ivareta ålens vandring. Når det gjeld elvemusling viser fylkesmannen til ein rapport utført på oppdrag frå Fylkesmannens miljøvernaving i Hordaland av Rådgivende Biologer AS. I fylgje rapporten blei det ikkje observert elvemusling i Ljoneselva og det blei heller ikkje observert noko som skulle tilseie at elvemusling kunne leve i elva, snarare tvert i mot.

Fiskesperra har vore omtala i fleire av høyringsuttalene. I konsesjon av 10. april 1996 står det i vilkåra post 1, dei 2 siste avsnitta, at tiltakshavar skal sikre fiskens frie gang, og tiltakshavar skal sjå til at fisk går opp i Eidesvatnet gjennom fiskepassasjen også ved lave vassføringar. Fylkesmannen går inn for at den oppsette fiskesperra vert flytta til opp under dammen, medan andre interessantar rundt vatnet krev at ho vert fjerna slik at anadrom fisk igjen kan gå opp i vatnet. For søkjaren betyr fri oppgang av fisk til Eidesvatnet at dei venteleg må installere reinseanlegg på inntaksvatnet. Denne avgjerda er det likevel Mattilsynet som skal ta. NVE ser ingen avgjerande grunn til å endra vilkåra for fisken sin frie gang i Ljoneselva og opp i Eidesvatnet. NVE meiner generelt at etablering av fiskesperre er uønska i dei aller fleste tilfelle, og med den teknologien som er tilgjengeleg er dette praktisk mogleg.

I ei av dei innkomne fråsegna er det stilt krav om at det må lagast ein botanisk konsekvensanalyse og ein tiltaksplan for bevaring og gjenoppretting av det botaniske mangfaldet i Eidesvatnet. Ettersom ny konsesjon ikkje i vesentleg grad vil medføre endringar i høve til verknader som den etablerte reguleringa har medført, meiner NVE det har lite føre seg med ein slik konsekvensanalyse.

Heradet kan akseptera ei minstevassføring på 1,00 m³/min heile året som omsøkt, men ber om at dette vert vurdert av miljøvernavinga hjå fylkesmannen.

Fylkesmannen tilrår 1,50 m³/min (25 liter/sek) heile året, men FM presiserar likevel at det er viktigare at det er ei minstevassføring heile tida, enn at ho har ein viss storleik.

Av omsyn til det biologiske mangfaldet meiner NVE at minstevassføring er eit viktig avbøtande tiltak i denne saka. Dette vil saman med fjerning av fiskesperra, sikre at fisk kan utnytte heile vassdraget og såleis betre tilhøva. Standardvilkår i ein ev konsesjon gjev vidare NVE mynde til å gje pålegg om biotopjusterande tiltak som kan sikre at minstevassføringa gjev ei best mogleg effekt. Dette kan vurderast nærare på eit seinare tidspunkt ved ein ev. konsesjon

Hydrologi

I søknaden er det gjort greie for vasstilgang, trong for vatn, magasinering og eventuelle vassreducerande tiltak. Det vert konkludert frå konsulenten med at det samla sett ikkje skulle føre til noko problem å utvide produksjonen til 2,5 million yngel og 1,5 millionar sjødyktig smolt på dei

tilgjengelege vassmengdene frå Eidesvatnet med den reguleringa som omsøkt. Erfaringane etter at det vart gjeve løyve frå Fiskeridirektoratet til denne fiskemengda syner likevel at ved lite tilsig, som hausten 2006, er ikkje magasinkapasiteten god nok. I tørrår bør ikkje gjennomsnittleg vassforbruk overstige 5,5 m³/min sett ut frå reguleringskurver med representativ målestasjon 55.4.0.1001.1 Røykenes. I miljørapporten blir det opplyst at forbruket av vatn ligg på 9-11 m³/min frå mars til mai, medan det i månadane august - oktober vil ligge på 12-20 m³/min. Eit slikt forbruk vil gjera det vanskeleg å halde seg innafor reguleringsgrensene i eit tørrår. NVE meiner at Ljones Fisk AS har for stor biomasse i anlegget i forhold til vassmengda, slik produksjonen er i dag. Ljones Fisk AS bør vurdere andre vassparande tiltak i tillegg til oksygenering og CO₂ luftarar som er vanleg i dei aller fleste kommersielle settefiskanlegg. Om ikkje Ljones Fisk AS klarar å halde seg innafor konsesjonsvilkåra med vassparande tiltak, må dei vurdere tilpasse produksjonen etter vassmengda.

Dammen ved utløpet av Eidesvatnet vart i sin tid bygd etter teikningar godkjend av NVE. Slik dammen er bygd, fører det truleg til unødig oppstuvning i vatnet ved flaum. Etter erfaringar så langt, må denne justerast for å få optimal avrenning over terskelen (overlaupet).

Elvefaret nedstrøms dammen har avgrensa kapasitet på grunn av smalt menneskeskapt laup og manglande vedlikehald av laupet. Observasjonar kan også tyde på at gjennomlaupet under vegbrua over elva også har liten kapasitet i høve til flaumvassføringa.

NVE er samd med Ljones Fisk AS i at dei ikkje kan kontrollere vassmengda og vasshøgda i flaum, men ei føresetnad ved ei ev. konsesjon vil likevel vere at dammen skal vere slik at den ikkje gjer auka flaumoppstuvning samanlikna med naturleg tilhøve. NVE meiner difor at dersom det vert gjeve konsesjon for reguleringa til sama høgdenivå som i dag, så lyt det gjerast ei kvalifisert utgreiing av desse tilhøva med eventuelle etterfylgjande krav om utbetring slik at flaumane ikkje gjev forverra tilhøve. Slike krav kan stillast i medhald av standardvilkår ved ev. konsesjon.

Biomasse i settefiskanlegget

Ved ein konsesjon gjev NVE løyve til ei viss regulering og eit visst utak av vatn, fastsett med bakgrunn i private og allmenne interesser som skal ivaretakast. Konsesjonæren er sjølv ansvarleg for å halde seg innafor vilkåra i ein ev. konsesjon og må vurdere tilgjengeleg mengd vatn opp mot vassparande tiltak og biomassen av smolt i anlegget. Ljones Fisk AS må planleggje mengda fisk i produksjonsanlegget med utgangspunkt i tørrår.

Tidsavgrensning

Ein av grunneigarane ynskjer at konsesjonen vert avgrensa til eit år om gongen. Kvam Herad tilrår konsesjonstid på 10 år, dette grunna at det har vore ein del strid kring reguleringa av Eidesvatnet. NVE er samd med kommunen og meiner at tidsavgrensning vil gje selskapet moglegheit til å vise at dei kan drifte anlegget utan brot på konsesjonsvilkåra. For at Ljones Fisk AS skal kunne planleggje drifta over ei viss tidslengde og samstundes vise at dei kan halde konsesjonsvilkåra, meiner NVE at ei tidsavgrensning på ein ev. konsesjonen bør være på noko meir enn eit år. NVE har uansett moglegheit til å oppheve, endre eller sette nye vilkår i konsesjonen av omsyn til allmenne eller private interesser, jf. § 28 i vassressurslova dersom miljømessige omsyn gjer dette turvande.

Oppsummering

I vurderinga legg NVE vekt på at Ljones Fisk AS er ei etablert bedrift med fleire faste arbeidsplassar. Reguleringa slik den står fram i dag har negative verknader for dei fastbuande langs Eidesvatnet og

tiltak kan bli aktuelt å gjennomføre for å betre tilhøva. NVE syner til at dei fleste uttalane går på at reguleringa har gått ut over konsesjonshøgden og at fiskesperra ikkje kan bli verande. Med skjerpa kontroll frå NVE og andre interesser, krav om minstevassføring og fjerning av fiskesperra, meiner NVE at vassuttak og ei regulering på 75 cm av Eidesvatnet ikkje har avgjerande negative verknader for ålmenta.

NVE sin konklusjon

Etter ei samla vurdering av planane og dei uttalane som ligg føre, er NVE av den meining at fordelane ved tiltaket er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser som tiltaket kan få verknad for, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt.

Vi gir difor Ljones Fisk AS løyve etter vassressurslova § 8 til å regulere Eidesvatnet mellom HRV på kote 33,00 og LRV på kote 32,25. Det vert ikkje gjeve løyve til å oppretthalde fiskesperra i elva då det finst andre løysningar som hindrar at det kjem smitte inn i anlegget via inntaksvatnet.

Vilkår for konsesjonen er lagt ved. Denne konsesjonen erstattar konsesjon med vilkår frå 10.04.1996.

Kommentarar til vilkåra

For at Ljones Fisk AS skal kunne planleggje drifta over ei viss tidslengde og samstundes vise at dei kan halde konsesjonsvilkåra, har selskapet fått ei tidsavgrensing der konsesjonen er gyldig til 1. jan 2020. Ljones Fisk AS lyt i god tid før konsesjonen går ut søkje om ny konsesjon om dei ynskjer dette.

Post 1. Regulering, vassuttak og minstevassføring

I dag er det stilt krav om minstevassføring med litt ulik storleik over året, 1,08 m³/min (18 liter/sek) i perioden mai – august og 1,80 m³/min (30 liter/ sek) resten av året.

Det vert no søkt om 1,00 m³/min (16,7 liter/sek) over heile året.

NVE meiner at det av omsyn til oppvandrande gytefisk bør vere noko høgare minstevassføring i perioden september – oktober enn kva Ljones Fisk AS foreslår.

NVE finn ut frå fråsegnene at det kan lempast litt på tidlegare krav om minstevassføring, og fastset denne til 1,80 m³/min i perioden 1. september – 31. oktober og 1,0 m³/min resten av året. Desse vassføringane må sjåast i samband med eventuelle krav om utgreiing og pålegg om gjennomføring av biotopfremjande tiltak i Ljoneselva. NVE meiner ei slik minstevassføring er tilfredstillande for å ivareta tilhøva i Ljoneselva, samstundes som selskapet får noko meir vatn tilgjengeleg.

I det utgatte løyvet er det stilt krav om lokkeflaumar. NVE ser ingen grunn til å stille krav om lokkeflaumar i august då det ikkje er særleg med laks i vassdraget. Med omsyn til sjøauren ser NVE det som viktigare å halde ei jamn høgare vassføring i gytetida frå begynninga av september til slutten av oktober.

Vassuttaket skal avgrensast til maksimalt 20 m³/min. Vassmålar skal installerast, vassuttaket loggast kontinuerlig og minstevassføring registrerast. Dei observerte data må kunne framvisast for NVE på førespurnad. Vasstandsmålar skal vise vasstanden for heile reguleringshøgda. Minstevassføring skal sleppast frå dam slik at fisk kan nytte vassføringa ved vandringa forbi dammen og inn i Eidesvatnet.

Ljones Fisk AS er sjølv ansvarleg for å tilpasse drifta slik at vilkåra i konsesjonen blir haldne og lyt tilpasse mengda med fisk og vassforbruk etter desse krava.

Post 2. Byggjefristar osv.

Fristane lyt sjåast i samanheng med post 4 under, sett ut frå at dette i all hovudsak er eksisterande anlegg som er bygd. Arbeidet med dam og leidningar lyt vere sett i gong innan eitt år etter at dette løyvet er gjeve. Arrangement for slepp av minstevassføring og etablering av vassmålar skal skje umiddelbart. Vilkåret om slepp av minstevassføring gjeld frå dato for dette løyvet. Fiskesperra skal vere fjerna og arrangement for at fisk kan passere dammen skal vere etablert innan utgangen av dette året, dersom det ikkje kan leggjast fram dokumentasjon frå Mattilsynet på at det er krav om reinsing og at dei av den grunn treng noko meir tid for å få på plass naudsynt reinsing av vatnet. NVE kan då sette ein nærare frist for når sperra skal fjernast.

Post 4. Godkjenning av detaljplanar, landskapsmessige tilhøve osv.

Detaljerte planer skal godkjennast av NVE og lyt sendast NVE sitt regionkontor i Førde. Dette gjeld m.a plan for registrering av minstevassføring, tilrettelegging for fiskevandring forbi dammen, plan for fjerning av fiskesperra og utbetring av flaumtilhøva. Planen skal leggjast fram utan ugrunna opphald. NVE vil kunne setje fristar for gjennomføring av tiltaka.

Vassleidningane til settefiskanlegget verkar forstyrrende på landskapsbiletet i og langs Ljoneselva. NVE meiner denne kan skjermast betre enn kva den er i dag. Plan for dette og oppgradering av området må inngå som ein del av detaljplanane.

Villfisk i vassdraget skal kunne vandre fritt. Det har ikkje vore gjeve løyve til å etablere den eksisterande fiskesperra som må fjernast, og elvelauget forbi den staden må utbetrast slik at fisk lett kan vandre oppover elva og inn i Eidesvatnet.

Konsesjonæren lyt leggje fram ei hydraulisk utgreiing for dammen og elveløpet vidare nedover med siktemål å få til ei optimal avrenning i flaumsituasjonar. Utgreiinga skal vere ein del av detaljplangrunnlaget for anlegget som skal godkjennast av NVE. Det er serleg viktig å få vurdert tiltak for å redusere omfanget av flaumvasstandar over HRV og nivået på desse.

Post 5: Naturforvaltning

Eventuelle pålegg i medhald av vilkåret må være relatert til skader forårsaka av tiltaket og stå i forhold til tiltaket sin storleik og verknadar. Konsesjonæren pliktar etter nærare pålegg av fylkesmannen å sørge for at tilhøve i vassdraget er slik at dei stadeigne fiskestammane i størst mogleg grad opprettheld naturleg reproduksjon. Fylkesmannen kan gje pålegg om å kompensere for skadar på den naturlege rekruttering av fiskestammane ved tiltak.

Post 8: Tersklar m.v

Dette vilkåret gjev heimel til å påleggje konsesjonær å etablere tersklar, eller gjere andre biotopjusterande tiltak som bygging av tersklar, utdjuping av kulpar i elvelauget mv. dersom dette seinare skulle vise seg naudsynt. I dette ligger også ei eventuell forbetring av gytetilhøva i Ljoneselva.

Dersom inngrepa fører til erosjonsskadar, fare for ras eller overfløyming, eller aukar sannsynleg heita for at slike skadar vil inntreffe, kan NVE påleggje konsesjonæren å koste sikringsarbeid eller delta med ein del av utgiftene med dette.

Andre merknader

NVE tek ikkje nærare stilling til privatrettslig usemje om oppdemningsrettar osb. Dette er tilhøva som partane sjølve lyt avklare.

NVE har 4. mars 09 motteke brev frå Eide og Ugletveit. Vi kan ikkje sjå at dette gjev grunnlag for å endre vår konklusjon